



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 114 LS

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringer i skatte-, avgifts-
og tollovgivinga m.m. og folketrygdloven
(arbeidsavklaringspengar m.m.)



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 114 LS

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringer i skatte-, avgifts-
og tollovgivinga m.m. og folketrygdloven
(arbeidsavklaringspengar m.m.)

Innhald

1	Innleiing	5	10	Opprettingar og presiseringar	18
2	Formuesskattesats for upersonlege skattytarar	7	10.1	Folkeregisterloven § 3-3 andre ledd siste punktum	18
			10.2	Skatteloven § 5-15 fyrste ledd bokstav q	18
3	Meirverdiavgiftsplikt for naprapati og osteopati	8	10.3	Skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav f og h	18
4	Eingongsavgift på rullestoldrosjer	9	10.4	Skatteloven § 6-70 fyrste ledd	19
			10.5	Skatteloven § 15-5 fjerde ledd	19
			10.6	Skatteloven §§ 5-31, 14-42 og 14-44	19
5	Fritak for elavgift for eigenproduksjon av straum – utsett iverksetjing	10	10.7	Folketrygdloven § 23-3 femte ledd	19
			10.8	Opprettingar som følge av Sivilombodet si namneendring	20
6	Registrering av fødselsdato for EØS-borgarar – endring i folkeregisterloven	11	10.9	Skattebetalingsloven § 5-7 fyrste ledd bokstav b	20
7	Endringar i skattebetalingsloven – mellom anna om frist ved klage over pålegg og tvangsmulkt	12	11	Endringar i folketrygdloven – oppheving av karenperioden og unntak frå maksimal stønadsperiode for arbeidsavklaringspengar	21
7.1	Innleiing og samandrag	12	11.1	Bakgrunn	21
7.2	Gjeldande rett	12	11.2	Høyvinga	22
7.3	Høyvinga	12	11.3	Avvikling av karenperioden	23
7.4	Vurderingar og framlegg	13	11.3.1	Gjeldande rett	23
7.4.1	Frist for klage	13	11.3.2	Høyvingsnotatet	23
7.4.2	Kven vedtak om tvangsmulkt skal rettast til og korleis det vert sendt	14	11.3.3	Høyvingsfråsegnene	23
			11.3.4	Departementet si vurdering og framlegg	24
7.4.3	Kven tvangsmulkt kan inndrivast frå	14	11.4	Nytt unntak frå maksimal stønadsperiode	27
7.5	Konsekvensar av framlegget	14	11.4.1	Innleiing	27
7.5.1	Økonomiske og administrative konsekvensar	14	11.4.2	Gjeldande rett	27
7.5.2	Personvernkonsekvensar	14	11.4.3	Høyvingsnotatet	27
			11.4.4	Høyvingsfråsegnene	28
			11.4.5	Departementet si vurdering og framlegg	30
8	Fullmakt frå Stortinget til å innføre tolltiltak mot Russland	15	11.5	Overgangsordning	35
			11.5.1	Innleiing	35
9	Omtalesaker	16	11.5.2	Høyvingsnotatet	35
9.1	Eigedomsskatt på grunn under kraftnett	16	11.5.3	Høyvingsfråsegnene	36
9.2	Differensiert tvangsmulkt – oppmodingsvedtak nr. 176 (2020–2021)	16	11.5.4	Departementet si vurdering og framlegg	36
			11.6	Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar ..	36
			11.7	Merknader til dei enkelte føresegnene i lovframlegget	37

A – Forslag til lovvedtak	40	B – Forslag til stortingsvedtak	45
Forslag til lov om endring i folketrygdloven	40	Forslag til vedtak om endring i stortingsvedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2022 (Stortingets skattevedtak)	45
Forslag til lov om endring i skatteloven	41	Forslag til vedtak om endring i stortingsvedtak om avgifter på motorvogner mv.	46
Forslag til lov om endring i skattebetalingsloven	42	Forslag til vedtak om endring i stortingsvedtak om toll for 2022	47
Forslag til lov om endring i skatteforvaltningsloven	43		
Forslag til lov om endring i folkeregisterloven	43		
Forslag til lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven	44		
Forslag til lov om endring i tollavgiftsloven	44		



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 114 LS

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga m.m. og folketrygdloven (arbeidsavklaringspengar m.m.)

*Tilråding frå Finansdepartementet 12. mai 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I Revidert nasjonalbudsjett 2022 foreslår regjeringa følgjande endring i skatte- og avgiftsreglane som har verknad for provenyet for 2022:

- Å auke formuesskattesatsen for upersonlege skattytarar frå 0,15 til 0,25 pst. Dette tilsvarar auken i den statlege formuesskattesatsen som Stortinget vedtok for dei personlege skattytarane i budsjettet for 2022. Upersonlege skattytarar, som sparebankar, samvirkeføretak og enkelte stiftingar, svarar formuesskatt til staten, men ikkje til kommunane. Departementet anslår at framlegget vil auke provenyet med om lag 180 mill. kroner påløpt i 2022. Heile provenyet vert bokført i 2023.

I tillegg vert budsjetteringa endra som følge av utsett iverksetjing av fritak for elavgift for eigenproduksjon av straum. Utsetjinga vil auke provenyet med om lag 6 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2022. Budsjetteringa vert òg endra som følge av utsett iverksetjing av omregi-

streringsavgift for elbilar. Det vart budsjettert med iverksetjing 1. januar 2022, men omregistreringavgift vart fyrst iverksett 1. mai 2022. Tapet av proveny er rekna til om lag 25 mill. kroner påløpt og bokført i 2022.

Samla vert nye framlegg til endringar i skattar og avgifter rekna å auke provenyet med om lag 160 mill. kroner påløpt i 2022 samanlikna med saldert budsjett for 2022. Den bokførte verknaden av framlegga er eit tap av proveny på om lag 20 mill. kroner i 2022. Heilårsverknaden av framlegga er eit meirproveny på 180 mill. kroner.

I tillegg kjem verknaden av framlegg til skatte- og avgiftsendringar som er vedtekne av Stortinget etter saldert budsjett for 2022. Dette gjeld utsetjing av å innføre flypassasjeravgifta att og ny mellombels ordning for utsetjing av skattar og avgifter. Smittespreiinga av omikron-varianten og smitteverntiltak som vart innført i desember 2021, hadde konsekvensar for luftfarten. Difor vart flypassasjeravgifta i januar 2022 oppheva òg for fly-

gingar i perioden 1. januar–30. juni 2022. Det gjev eit tap av proveny på om lag 880 mill. kroner påløpt og bokført i 2022. Den nye ordninga for utsetjing av skatte- og avgiftskrav som forfall i perioden 1. januar 2022–31. mars 2022, vart anslått å gje eit tap av proveny på om lag 200 mill. kroner påløpt og bokført i 2022. Inkludert utsetjing av å innføre flypassasjeravgifta att og den nye mellombelse utsetjingsordninga vert dermed skatte- og avgiftsinntektene reduserte med om lag 900 mill. kroner påløpt og 1 100 mill. kroner bokført i 2022 samanlikna med saldert budsjett for 2022.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Den utsette iverksetjinga av lovendringa om meirverdiavgiftsplikt for naprapati og osteopati vert vidareført fram til 1. januar 2023.
- Innføring av ei eiga avgiftsgruppe i eingongsavgifta for personbilar som er tilpassa og nytta til transport av rullestolbrukarar.

Vidare foreslår regjeringa enkelte endringar som ikkje gjeld skatt og avgift:

- Endring i folkeregisterloven om registrering av fødselsdato for EØS-borgarar.
- Endring i reglane i skattebetalingsloven om mellom anna frist ved klage over pålegg og tvangsmulkt.
- Fullmakt frå Stortinget til å innføre tolltiltak mot Russland.
- Endring i regelverket for arbeidsavklaringspengar i folketrygdloven.

I tillegg er følgjande saker omtala:

- Eigedomsskatt på grunn under kraftnett.

- Differensiert tvangsmulkt – oppmodingsvedtak nr. 176 (2020–2021).

Det vert òg vist til følgjande saker som er omtala i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2021–2022) *Revidert nasjonalbudsjett 2022*:

- Skattlegging av store fleirnasjonale konsern – innføring av Inclusive Frameworks to-pilarløyning.
- Inntekter frå grunnrenteskatt for vasskraft.
- Omlegging av støtte til kjøp av elbilar.
- Tiltak for auka andel elbilar i leasing- og varebilmarkedet – oppmodingsvedtak nr. 35 punkt 13 (2021–2022).
- Vegbruksavgift på biodrivstoff – oppmodningsvedtak nr. 35 punkt 9 (2021–2022).
- Overgangsordninga ved avviklinga av 350-kronersgrensa og innføringa av VOEC-ordninga.

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endring i skatteloven
- lov om endring i skattebetalingsloven
- lov om endring i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i tollavgiftsloven
- vedtak om endring i stortingsvedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2022 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i stortingsvedtak om avgifter på motorvognar mv.
- vedtak om endring i stortingsvedtak om toll for 2022

2 Formuesskattesats for upersonlege skattytarar

I statsbudsjettet for 2022 vedtok Stortinget å auke den statlege formuesskattesatsen for personlege skattytarar og dødsbu frå 0,15 til 0,25 pst. etter framlegg frå regjeringa, jf. Prop. 1 LS Tillegg 1 (2021–2022) *Endring av Prop. 1 LS (2021–2022) Skatter, avgifter og toll 2022* punkt 4.5 og Stortinget sitt skattevedtak for inntektsåret 2022 § 2-1. Denne skattesatsen bør vere den same for personlege og upersonlege skattytarar, slik han var i 2021 og tidlegare år. Regjeringa foreslår difor å

auke formuesskattesatsen for upersonlege skattytarar frå 0,15 til 0,25 pst. for inntektsåret 2022. Auken gjeld til dømes samvirkeføretak, stiftingar og sparebankar. Dei er formuesskattepliktige til staten, men ikkje til kommunane.

Endringa vil gje eit meirproveny på 180 mill. kroner påløpt. Heile provenyet vert bokført i 2023.

Departementet syner til framlegg om endring av Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2022 § 2-2.

3 Meirverdiavgiftsplikt for naprapati og osteopati

Frå 1. januar 2021 vart det innført plikt til å svare meirverdiavgift for omsetjing og formidling av alternativ behandling. For omsetjing og formidling av naprapati og osteopati vart det vedteke å utsetje iverksetjinga av endringa til 1. juli 2021, jf. Prop. 1 LS (2020–2021) *Skatter, avgifter og toll 2021* punkt 9.2. Bakgrunnen for å utsetje endringa for naprapati og osteopati var eit pågåande arbeid med å endre helsepersonelloven slik at naprapatar og osteopatar vart omfatta av autorisasjonsordninga etter helsepersonelloven § 48 fyrste ledd. Ei slik lovendring i helsepersonelloven er no vedteken, og naprapatar og osteopatar er omfatta av autorisasjonsordninga etter helsepersonelloven, jf. Prop. 236 L (2020–2021) *Endringer i helsepersonelloven (autorisasjon av naprapater, osteopater og paramedisinere)*. Endringa i helsepersonelloven for naprapatar og osteopatar tok til å gjelde 1. mai 2022. Plikta til å svare meirverdiavgift for omsetjing og formidling av alternativ behandling for naprapatar og osteopatar vart utsett ytterlegare i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2022, jf. Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022*. Då vart det vedteke å utsetje iverksetjing av endringa i merverdiavgiftsloven til 1. juli 2022 for dei som innan to månader frå tidspunktet for endringa i helsepersonelloven, søkte om autorisasjon som naprapat eller osteopat.

Naprapatar og osteopatar som vert autoriserte som helsepersonell er omfatta av unntaket for helsepersonell i merverdiavgiftsloven § 3-2 fyrste ledd bokstav d. Dei kan difor omsetje og formidle helsetenester utan at dei pliktar å svare meirverdiavgift. Endringane i helsepersonelloven tek til å gjelde noko seinare enn føresett i Statsbudsjettet for 2022, og departementet foreslår difor å utsetje iverksetjinga av endringa i merverdiavgiftsloven om avgiftsplikt for alternativ behandling for naprapati og osteopati frå 1. juli 2022 til 1. januar 2023. Som det vart føresett i Statsbudsjettet for 2022, vil utsetjinga omfatte dei som innan to månader frå tidspunktet endringane i helsepersonelloven tek til å gjelde, søker om autorisasjon som naprapat eller osteopat. Med denne utsetjinga vil dei som er omfatta, kunne få behandla sine søknader om autorisasjon.

Då det vart lagt opp til at naprapati og osteopati inntil vidare ikkje vert omfatta av avgiftsplikta, vart det ikkje budsjettert med proveny frå omsetjing og formidling av naprapati og osteopati for 2022. Vidareføring av unntaket fram til 1. januar 2023 har difor ikkje provenyverknad for 2022.

Departementet syner til framlegg til endring i romartal II i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringar i merverdiavgiftsloven. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

4 Eingongsavgift på rullestoldrosjer

I eingongsavgifta er dei avgiftspliktige køyretøya delte inn i ni grupper med ulik avgift og berekningsgrunnlag. For personbilar vert avgifta berekna ut frå vekt og utslepp av CO₂ og NO_x. Fram til 2019 var det ei eiga avgiftsgruppe for drosjer med redusert avgift. For drosjene gjaldt ikkje dei to høgste trinna i CO₂-komponenten, og vekt-komponenten var 40 prosent av den som gjaldt for personbilar. NO_x-komponenten var den same som for personbilar.

Drosjer vart avvikla som eiga avgiftsgruppe i 2019. Det vart mellom anna grunngeve med at insentiva i eingongsavgifta til å velje køyretøy med låge utslepp òg burde gjelde for drosjer. Drosjer har etter det hatt same avgift som vanlege personbilar (avgiftsgruppe a).

Stort sett vert det nytta ombygde bussar til transport av rullestolbrukarar. Bussar er ikkje omfatta av eingongsavgifta og vart difor ikkje påverka då avgiftsgruppa for drosjer vart oppheva.

Til ein viss grad har òg ombygde personbilar (minibussar) vorte nytta som rullestoldrosjer. Dette gjeld særleg i distrikta, der det er færre drosjer, og same bil må nyttast både til transport av rullestolbrukarar og til vanleg drosjekøyring. Grunna høg vekt og høgt CO₂-utslepp fekk desse bilane ein stor avgiftsauke då avgiftsgruppa for drosjer vart avvikla. Dette har gjort at køyretøya ikkje lenger har vore så aktuelle som rullestol-

drosjer. Det kan særleg ha påverka tilbodet til rullestolbrukarane i distrikta. Verknaden vert forsterka av at det førebels ikkje er reelle elektriske alternativ til desse køyretøya.

På oppdrag frå Finansdepartementet har Skattedirektoratet sendt eit framlegg på høyring om å innføre ei eiga avgiftsgruppe for personbilar som er tilpassa for og vert nytta til transport av rullestolbrukarar. For å kome inn under avgiftsgruppa må køyretøyet vere registrert på innehavar av ordinært drosjeløyve og godkjent etter forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. Alle høyringsinstansane som har gjeve innspel, er positive til framlegget. Dette gjeld mellom *anna Funksjonshemmedes Forening, Norges Handikapforbund, Norges Taxiforbund, Samferdselsdepartementet og Statens Vegvesen.*

Departementet foreslår at tiltaket vert gjennomført i tråd med framlegget som vart sendt på høyring. Avgifta for den nye avgiftsgruppa vil vere på nivå med dei satsane som gjaldt for drosjer før 2019. Utfyllande reglar vert gjevne i forskrift. Framlegget har ikkje nemneverdige konsekvensar for provenyet.

Departementet syner til framlegg om endring av stortingsvedtak om eingongsavgift. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde 1. juli 2022.

5 Fritak for elavgift for eigenproduksjon av straum – utsett iverksetjing

Ved behandlinga av Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022* vart det vedteke eit fritak i elavgifta for eigenproduksjon av straum frå fornybare energikjelder, jf. Stortinget sitt vedtak om avgift på elektrisk kraft romartal II § 2 fyrste ledd bokstav f. Bakgrunnen er at vilkåra for det gjeldande fritaket for solkraft gjer det vanskeleg for mellom anna burettslag å utnytte fritaket for straum produsert ved solceller, jf. vedtaket § 2 annet ledd bokstav e.

I Prop. 1 LS (2021–2022) vart det synt til høyring av nye føresegner innan kort tid. Høyringa skal skje samstundes med høyring av varsla endringar i plusskundeordninga under Olje- og energidepartementet som ansvarleg fagdepartement for nettleige.

Då det er naudsynt å samordne ulike omsyn for høyring under Finansdepartementet og Olje- og energidepartementet, treng ein noko meir tid på høyringa enn forventa. Framlegg vil verte sendt på høyring sommaren 2022.

I Prop. 1 LS (2021–2022) er det òg lagt til grunn at fritaket i elavgifta kan reise spørsmål om offentlig støtte etter EØS-avtalen. Fritaket må difor avklarast med EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) før iverksetjing.

Provenyverknaden av framlegget vart i statsbudsjettet for 2022 anslått til 6 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2022. Det vart forutsett fritaket kunne ta til å gjelde frå 1. april 2022.

Av omsyn til høyringa, og tida det normalt tek for ein prosess med ESA, er det uvisst når fritaket i elavgifta kan ta til å gjelde. Finansdepartementet arbeider for at fritaket vert sett i verk så snart som mogleg, men det er lite truleg at vedtaket kan ta til å gjelde i 2022. Utsett iverksetjing til 2023 vil gje eit meirproveny på 6 mill. kroner påløpt og 4 mill. kroner bokført i 2022 samanlikna med saldert budsjett.

6 Registrering av fødselsdato for EØS-borgarar – endring i folkeregisterloven

Departementet gjer framlegg om å endre folke-registerloven § 3-3 andre ledd. Denne gjeld registrering av fødselsdato for mellom andre personar som er omfatta av direktiv 2004/38/EF om EØS-borgarar og deira familiemedlemar sin rett til å bevege og opphalde seg fritt på medlemsstatane sitt område.

Registrering av fødselsdato er regulert i folke-registerloven § 3-3. For personar som flyttar til Noreg og ikkje tidlegare har vore registrerte i Folkeregisteret, vert fødselsdato som hovudregel registrert på grunnlag av personen sitt pass eller liknande legitimasjonsdokument, jf. § 3-3 andre ledd fyrste punktum. For personar som er omfatta av direktiv 2004/38/EF om EØS-borgarar og deira familiemedlemar sin rett til å bevege og opphalde seg fritt på medlemsstatane sitt område, fylgjer det av § 3-3 andre ledd tredje punktum at fødselsdato vert registrert på grunnlag av det som er registrert i datasystemet til utlendingsstyresmaktene eller i registreringsbevis frå utlendingsstyresmaktene.

ESA har peika på at det etter det nemnde direktivet ikkje er høve til å krevje at personen

kan leggje fram EØS-registreringsbevis eller opphaldskort for å verte registrert som busett i Noreg. Dersom ein person som er omfatta av direktivet skal registrerast i Folkeregisteret, men ikkje har slikt dokument, må folkeregisterstyresmakta sjølv vurdere personen sin rett til opphald.

Paragraf 3-3 andre ledd tredje punktum bør difor fjernast. Det gjev ikkje meining at det i lova står at fødselsdato skal registrerast på grunnlag av det som er registrert i datasystemet til utlendingsstyresmaktene eller i registreringsbevis frå utlendingsstyresmaktene, når det ikkje er krav om at slikt dokument skal leggjast fram. Fødselsdato kan registrerast på grunnlag av pass eller liknande legitimasjonsdokument i samsvar med hovudregelen.

Framlegget har vore på høyring, og ingen høyringsinstansar hadde innvendingar.

Departementet syner til framlegg om endring i folkeregisterloven § 3-3 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

7 Endringar i skattebetalingsloven – mellom anna om frist ved klage over pålegg og tvangsmulkt

7.1 Innleiing og samandrag

Departementet gjer framlegg om endringar i reglane i skattebetalingsloven om frist ved klage over pålegg om oppbevaring av rekneskapsmateriale, klage over pålegg om å gje opplysningar for tredjeperson og klage på avgjerd om pålagd tvangsmulkt. Departementet gjer òg framlegg om at fristane for å klage skal utvidast slik at desse samsvarar med tilsvarende fristar etter skatteforvaltningsloven. I tillegg gjer departementet framlegg om endringar som gjer skattebetalingsloven sine reglar om oversending av avgjerd om pålagd tvangsmulkt, teknologinøytrale. Det vert òg gjort framlegg som sikrar at reglane om kven vedtaket vert sendt til, er like etter skattebetalingsloven og skatteforvaltningsloven. Endeleg vert det gjort framlegg om endringar i skattebetalingsloven sine reglar om kven som har betalingsansvar for pålagd tvangsmulkt. Endringane inneber ei harmonisering som gjer reglane enklare.

Framlegget har vore på høyring. Høyringsinstansane støttar framlegget.

Departementet syner til framlegg om endringar i skattebetalingsloven §§ 5-15 og 5-16. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

7.2 Gjeldande rett

Skattekontoret kan gje pålegg om bokføring etter skattebetalingsloven § 5-13a, og pålegg om oppbevaring av rekneskapsmateriale etter § 5-13c. Skattekontoret kan òg gje tredjepersonar pålegg om å gje kontrollopplysningar etter skattebetalingsloven § 5-14. Etter skattebetalingsloven § 5-15 andre ledd fyrste punktum skal klage over pålegg etter §§ 5-13c og 5-14 setjast fram straks når den pålegget gjeld er til stades, og elles innan tre dagar. For pålegg etter § 5-13a er klagefristen tre veker, jf. § 5-15 andre ledd andre punktum.

Skattebetalingsloven § 5-16 regulerer høve til å ilegge tvangsmulkt til den som ikkje rettar seg etter pålegg om å gje kontrollopplysningar etter

skattebetalingsloven § 5-14, og den som ikkje rettar seg etter pålegg om bokføring etter skattebetalingsloven § 5-13a. Vedtak om tvangsmulkt skal rettast til styret i selskap, samvirkeføretak, foreining, innretning eller organisasjon, og skal sendast kvar styremedlem i rekommandert brev, jf. skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd fyrste punktum. Tvangsmulka kan drivast inn hos styret sine medleamar og selskapet, samvirkeføretaket, foreininga, innretninga eller organisasjonen, jf. skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd andre punktum. Fristen for å klage på vedtak om tvangsmulkt er tre veker, jf. skattebetalingsloven § 5-16 fjerde ledd.

7.3 Høyringa

I høyringsnotatet gjorde departementet framlegg om endringar i reglane i skattebetalingsloven om frist ved klage over pålegg om oppbevaring av rekneskapsmateriale, klage på pålegg om å gje opplysningar for tredjeperson og klage på avgjerd om pålagd tvangsmulkt. Departementet gjorde òg framlegg om at fristane for å klage skal utvidast slik at desse samsvarar med tilsvarende fristar etter skatteforvaltningsloven. I tillegg gjorde departementet framlegg om endringar som gjer skattebetalingslovens reglar om oversending av avgjerd om pålagd tvangsmulkt, teknologinøytrale. Det vart òg gjort framlegg om endringar som sikrar at reglane om kven vedtaket skal sendast til, er like etter skattebetalingsloven og skatteforvaltningsloven. Endeleg blei det gjort framlegg om endringar i skattebetalingslovens reglar om kven som har betalingsansvar for pålagd tvangsmulkt.

Framlegget vart sendt på høyring 11. februar 2022 til følgjande høyringsinstansar:

Departementa
Datatilsynet
Direktoratet for forvaltning og økonomistyring
Domstoladministrasjonen
Finanstilsynet

Folketrygdfondet
 Norges Bank
 Regelrådet
 Skattedirektoratet
 Statistisk sentralbyrå
 Tolldirektoratet
 ØKOKRIM
 Akademikerne
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 Bedriftsforbundet
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Revisorforening
 Finans Norge
 Hovedorganisasjonen Virke
 KS
 Landsorganisasjonen i Norge
 Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
 Norges Bondelag
 Norges Fiskarlag
 Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund
 Norges Rederiforbund
 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 Norsk Øko-Forum
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Regnskap Norge
 Skattebetalerforeningen
 Storbedriftenes skatteforum
 Unio
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
 Økonomiforbundet

Det kom inn elleve høyringssvar. Fire høyringsinstansar har gjeve substansielt svar i høyringa:

Advokatforeningen
 Regnskap Norge
 Skattedirektoratet
 Økonomiforbundet

Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Næringslivets Hovedorganisasjon, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Statistisk sentralbyrå har gjeve svar utan merknader.

Alle høyringsinstansane som har gjeve svar, støttar framlegget.

7.4 Vurderingar og framlegg

7.4.1 Frist for klage

Skattebetalingsloven § 5-15 andre ledd fyrste punktum om frist for klage over pålegg om opp-

bevaring av rekneskapsmateriale etter § 5-13c, og over pålegg om å gje kontrollopplysningar etter § 5-14, tilsvarar den tidlegare regelen i ligningsloven § 3-6 andre ledd. Når den pålegget gjeld er til stades, må vedkomande klage straks, og elles innan tre dagar. Då skatteforvaltningsloven vart vedteken, vart fristen for klage over pålegg om oppbevaring av rekneskapsmateriale etter skatteforvaltningsloven § 11-3, endra til tre veker, jf. skatteforvaltningsloven § 11-4 fyrste ledd andre punktum. Etter skatteforvaltningsloven § 10-13 andre ledd kan pålegg om å gje opplysningar påklagast innan ei veke.

Etter departementet sitt syn bør fristen for å klage over pålegg om oppbevaring av rekneskap, og fristen for å klage over pålegg om opplysningsplikt for tredjepersonar etter skattebetalingsloven, vere dei same som tilsvarande fristar etter skatteforvaltningsloven. Det vert difor gjort framlegg om å endre fristane slik at fristen for å klage over pålegg om oppbevaring av rekneskapsmateriale etter skattebetalingsloven vert tre veker. Fristen vil då svare til fristen som gjeld for å klage over pålegg om slik oppbevaring etter skatteforvaltningsloven § 11-4 fyrste ledd andre punktum. I tillegg vert det gjort framlegg om at fristen for klage over pålegg om opplysningsplikt for tredjeperson vert ei veke, tilsvarande fristen som gjeld etter skatteforvaltningsloven § 10-13 andre ledd. Etter framlegget skal klage framleis kunne setjast fram munnleg. Departementet gjer framlegg om at regelen skal flyttast til nytt andre punktum i skattebetalingsloven § 5-15 fyrste ledd.

Fristen for å klage over vedtak om tvangsmulkt er tre veker, jf. skattebetalingsloven § 5-16 fjerde ledd. Fristen for å klage over vedtak om tvangsmulkt etter skatteforvaltningsloven er seks veker, jf. skatteforvaltningsloven § 13-4 fyrste ledd. Departementet gjer framlegg om at fristen i skattebetalingsloven § 5-16 fjerde ledd vert endra til seks veker, slik at han samsvarer med fristen etter skatteforvaltningsloven.

Framlegga utvidar klagefristane og gjev den pålegget eller tvangsmulka gjeld, betre tid til å vurdere ei eventuell klage. Framlegget styrkjer difor rettstryggleiken for den pålegget eller tvangsmulka gjeld, og gjer regelverket enklare både for klagaren og for Skatteetaten.

Departementet syner til framlegg til endringar i skattebetalingsloven § 5-15 fyrste og andre ledd og § 5-16 fjerde ledd.

7.4.2 Kven vedtak om tvangsmulkt skal rettast til og korleis det vert sendt

Etter skattebetalingsloven skal vedtak om tvangsmulkt for ikkje å rette seg etter opplysningsplikt eller pålegg om bokføring rettast til styret i selskap, samvirkeføretak, foreining, innretning eller organisasjon, og skal sendast til kvar styremedlem i rekommandert brev, jf. skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd fyrste punktum.

Skatteforvaltningsloven § 14-1 fyrste ledd gjev heimel for å gje pålegg om tvangsmulkt mellom anna for den som ikkje rettar seg etter opplysningsplikta, og den som ikkje rettar seg etter pålegg om bokføring. Etter skatteforvaltningsloven § 14-1 fyrste ledd fyrste punktum jf. § 10-10 andre punktum, skal vedtak om tvangsmulkt til tredjepersonar som ikkje etterkjem opplysningsplikt etter skatteforvaltningsloven § 10-2, rettast til dagleg leiar i selskap, samvirkeføretak, foreining, institusjon eller innretning, eller til styreleiar dersom verksemda ikkje har dagleg leiar. Vedtak om tvangsmulkt for den som ikkje rettar seg etter pålegg om bokføring, skal rettast til styret i selskap, samvirkeføretak, foreining, innretning eller organisasjon, og skal sendast til kvart styremedlem, jf. skatteforvaltningsloven § 14-1 fyrste ledd tredje punktum, jf. § 11-1 andre ledd.

Departementet gjer framlegg om at regelen i skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd fyrste punktum vert endra, slik at vedtak om tvangsmulkt for den som ikkje rettar seg etter plikten til å gje opplysningar etter skattebetalingsloven § 5-14, vert retta til dagleg leiar, eller til styreleiar dersom verksemda ikkje har dagleg leiar. Departementet gjer framlegg om å vidareføre regelen om at vedtak om tvangsmulkt for å ikkje etterkome pålegg om bokføring, vert retta til styret i verksemda og vert sendt kvart medlem. Framlegget inneber at reglane for kven vedtak om tvangsmulkt skal rettast til, vert like etter skattebetalingsloven og skatteforvaltningsloven, og inneber dermed at regelverket vert enklare.

Etter departementet sitt syn bør reglane om korleis vedtak om tvangsmulkt skal sendast ut vere teknologinøytrale. Det vert difor gjort framlegg om at skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd fyrste punktum skal endrast slik at vedtak om tvangsmulkt ikkje må sendast i rekommandert brev.

Departementet syner til framlegg til endringar i skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd.

7.4.3 Kven tvangsmulkta kan inndrivast frå

Tvangsmulkta kan etter gjeldande rett drivast inn frå selskapet, samvirkeføretaket, foreininga, innretninga eller organisasjonen, eller frå styremedlemane i verksemda som vert pålagde tvangsmulkt, jf. skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd andre punktum. Etter skatteforvaltningsloven § 14-1 fyrste ledd fyrste punktum vert tvangsmulkt pålagd den som har plikt til å gje opplysningar, eller den som ikkje rettar seg etter pålegget. For juridiske personar inneber dette at pliktsubjektet for tvangsmulktkravet er den juridiske personen i seg sjølv, sjå Prop. 38 L (2015–2016) *Lov om skatteforvaltning (skatteforvaltningsloven)* punkt 20.4.1.4.

Etter departementet sitt syn bør tilsvarende reglar gjelde for pålegg om tvangsmulkt etter skattebetalingsloven § 5-16. Eit eventuelt betalingsansvar for styremedlemar bør i tilfelle gjerast gjeldande i form av eit solidaransvar. Styret sitt ansvar vert regulert av aksjeloven sine reglar. Slik departementet ser det, er det ikkje behov for særskilde reglar for styremedlemar sitt betalingsansvar for tvangsmulkt etter skattebetalingsloven § 5-16.

Det vert etter dette gjort framlegg om at gjeldande regel i skattebetalingsloven § 5-16 tredje ledd andre punktum vert oppheva.

7.5 Konsekvensar av framlegget

7.5.1 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget vil krevje enkelte mindre endringar i Skatteetatens IT-system, som kan gjerast innanfor etaten sine allmenne budsjettammer. Departementet legg til grunn at framlegget elles ikkje vil ha nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.5.2 Personvernkonsekvensar

Departementet legg til grunn at framlegget ikkje vil ha personvernkonsekvensar.

8 Fullmakt frå Stortinget til å innføre tolltiltak mot Russland

For land som er medlem i WTO (World Trade Organization), gjeld det eit grunnprinsipp om bestevilkårsbehandling. Dette vil seie at når eit WTO-medlem får ein handelsfordel – til dømes lågare tollsats på ei vare – skal dei andre medlemane som hovudregel få den same fordel. Noreg og Russland er båe medlemar av WTO.

På grunn av krigen i Ukraina har EU og G7-landa sagt at dei ikkje reknar seg som forplikta til å gje Russland bestevilkårsbehandling. Noreg har òg vore med på å gje ei sams fråsegn i WTO, der vi seier at vi vil nytte dei tiltaka mot Russland som vi meiner er naudsynte for å beskytte våre grunnleggjande tryggingssinteresser. Eit slikt tiltak kan vere å gå vekk frå bestevilkårsbehandling. Formuleringane i fråsegna er henta frå reglane om tryggleiksunnatak i WTO sitt avtaleverk. Land som USA, Storbritannia, Canada, Australia og New Zealand har allereie auka tollsatsane overfor Russland, medan EU ikkje har. Andre tiltak kan òg bryte med bestevilkårsprinsippet, til dømes tiltak som gjer at russiske varer og tenester ikkje får like gode handelsvilkår som andre WTO-medlemar.

Stortinget kan vedta auka tollsatsar overfor Russland, men dette kan ta noko tid. Departementet foreslår difor at Kongen i statsråd får fullmakt til å innføre tolltiltak i forskrift. Då kan Noreg raskare følgje opp med naudsynte endringar, på eige initiativ eller òg i lys av kva andre land føretek seg på området.

Departementet foreslår at Kongen i statsråd skal ha fullmakt til å innføre tolltiltak overfor eitt eller fleire land når Noreg meiner at vilkåra i tryggleiksunnaket i Generalavtalen om toll-

tariffar og handel 1994 (GATT 1994) artikkel XXI er oppfylte. Fullmakta gjer då at Kongen i statsråd kan innføre tolltiltak i krigstid, eller annan krisesituasjon i internasjonale høve, når Noreg meiner dette er naudsynt for å beskytte sine grunnleggjande tryggingssinteresser. Dette avgrensar fullmakta i tråd med føremålet. Departementet foreslår at fullmakta skal følgje av ei ny føresegn i stortingsvedtaket om toll for 2022.

Med ei fullmakt som nemnt ovanfor, kan regjeringa innføre fleire tiltak. Det kan særleg vere aktuelt å auke tollsatsane på russiske varer. I 2021 importerte Noreg varer frå Russland for ca. 22 mrd. kroner. Dei største varekategoriane er aluminium, mineralolje, rapsolje (mesteparten til fôr), ammoniakk, fiskefôr og bildekk. Difor kan det vere mest aktuelt å auke tollsatsane på desse varene. Det er Kongen i statsråd som etter avgjerd i regjeringa må ta ei endeleg avgjerd om å innføre eventuelle tolltiltak. Viss dette vert aktuelt, må ein fyrst vurdere dei administrative og økonomiske følgjene av tiltaka.

Viss ein skal endre tollsatsane for russiske varer, må tolletaten endre sine IT-system. Etaten har difor varsla at det kan ta noko tid frå Kongen i statsråd tek ei avgjerd om tiltak til desse kan ta til å gjelde.

Departementet syner til framlegg om vedtak om endring i stortingsvedtak om toll for 2022. Det er uklart om ei endring i vedtaket vil endre tollinntektene. Eit eventuelt framlegg om endra løyving for tollinntekter vil verte behandla i Nysalderinga for 2022.

9 Omtalesaker

9.1 Egedomsskatt på grunn under kraftnett

Det er ikkje regulert i egedomsskattelova i kva grad grunnen under kraftliner skal inngå ved verdsetjing av nettanlegg, og heller ikkje kven som eventuelt er debitor for skatt på denne delen av verdien. Praksis synest no å vere å skrive ut egedomsskatt til netteigaren, òg for den delen av anleggsverdien som fell på grunnen.

I Borgarting lagmannsrett sin dom LB-2020-166690 av 11. oktober 2021 har retten avsagt dom om egedomsskatt på grunn under kraftnett. Retten har kome til at eigarane av grunnen er skattedebitor for den delen av verdien til nettanlegget som kan tilskrivast grunnen. Dette inneber at det skal skrivast ut egedomsskatt på kvar enkelt grunneigar. Dommen vart anka til Høgsterett, men slapp ikkje inn til behandling, og er dermed rettskraftig. Resultatet er ei upraktisk løysing og vil føre til at svært mange kommunar må leggje om praksis for skattlegging av nettanlegg.

Finansdepartementet vil så raskt som mogleg sende på høyring eit lovframlegg som vil bøte på dei uheldige sidene ved dommen frå lagmannsretten. Framlegget vil innebere at grunneigaren ikkje vert debitor for skatt på nettanlegget. Dette vil samstundes bøte på dei administrative konsekvensane av dommen for kommunane.

9.2 Differensiert tvangsmulkt – oppmodingsvedtak nr. 176 (2020–2021)

Stortinget fatta følgjande oppmodingsvedtak i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2021, sjå Innst. 2 S (2020–2021):

Vedtak 176: «Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til en ordning med differensiert tvangsmulkt, og komme tilbake med en vurdering av et slikt forslag til Stortinget på en egnet måte.»

Opplysningspliktige som ikkje gjev opplysingar til skattestyresmaktene til rett tid, får ein ny frist for å gje opplysingane. Om den opplysningspliktige ikkje leverer innan denne nye fristen, startar tvangsmulka å laupe. Satsen for tvangsmulkt er eitt eller eit halvt rettsgebyr per dag. Skattestyresmaktene kan i særskilde høve setje ned eller fråfalle tvangsmulkt. Den opplysningspliktige får ikkje tvangsmulkt om det er umogleg å oppfylle opplysningsplikta på grunn av tilhøve som den ansvarlege ikkje sjølv har skulda for.

Ordninga med tvangsmulkt har gjort at fleire skattepliktige og tredjepartar leverer opplysingar til skattestyresmaktene til rett tid. Dette har igjen redusert talet på skjønnsfastsetjingar. Det kjem både den skattepliktige og skattestyresmaktene til gode.

Skattedirektoratet fekk i april 2021 oppdrag om å vurdere om ei ordning med differensiert tvangsmulkt kan innførast, og i tilfelle korleis. I Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022* kapittel 25 vart det varsla at departementet ville arbeide vidare med å vurdere alternative måtar å justere tvangsmulka på, og kome attende til saka i Revidert nasjonalbudsjett 2022.

Eit alternativ er å differensiere tvangsmulka etter omsetjinga i verksemdene. Gruppa av opplysningspliktige er samansett, og det er ikkje praktisk mogleg å finne eit omsetjingsomgrep som passar for alle. Ei ordning med differensiering etter omsetjing vil difor verte kompleks, med mange føresetnader og vilkår. Reglane vil kunne verte uklære og krevjande å praktisere. Dette kan gjere ordninga mindre føreseieleg for dei opplysningspliktige og auke risikoen for feil og forskjellsbehandling. Styresmaktene vil måtte bruke meir ressursar på saker om tvangsmulkt og ved seinare behandling av klager. I tillegg vil Skatteetaten måtte endre IT-systema sine betydeleg. Skattedirektoratet tilrår difor sterkt å ikkje innføre ei ordning der tvangsmulka vert differensiert etter omsetjing.

Skattedirektoratet har òg vurdert å differensiere tvangsmulka etter alderen på verksemda, selskapsform, talet på tilsette, eigenkapital, talet på aksjonærar/deltakarar eller bransje. Heller

ikkje desse kjenneteikna vert vurderte som eigna for å differensiere tvangsmulkta.

Etter å ha vunne røynsle med tvangsmulkt over fleire år, har Skattedirektoratet likevel sett at det er grunn til å gjere justeringar. I staden for å differensiere tvangsmulkta etter kjenneteikna som er nemnde ovanfor, meiner direktoratet det er grunn til å differensiere mellom dei ulike meldingstypane.

Røynsla til Skatteetaten syner at tvangsmulkta på utvalde område ser ut til å verke mindre etter ei viss tid. Skatteetaten har dei siste åra sett ned talet på dagar tvangsmulkta lauper (laupedarar) på fleire av områda med flest leverte meldingar og mest tvangsmulkt. Dette gjeld skattemeldinga for formues- og inntektsskatt, skattemeldinga for meirverdiavgift og aksjonærregistermeldinga. Når talet på laupedarar vert sett ned, vert den maksimale tvangsmulkta òg mindre. Skattedirektoratet følgjer med på verknaden av desse endringane og vurderer å setje ned talet på laupedarar for fleire typar av meldingar.

Skattedirektoratet vurderer òg å setje ned satsen for tvangsmulkt for enkelte meldingar. Det

er Skattedirektoratet som har heimel til å endre satsen i forskrift, og direktoratet vil sende framlegg om slike endringar på allmenn høyring.

Slik Skattedirektoratet vurderer det, vil det å setje ned satsane og talet på laupedarar for tvangsmulkt, vere betre tiltak for å minke belastninga på dei opplysningspliktige, enn ei differensiering etter omsetjing eller liknande. Desse tiltaka vil krevje mindre ressursar, vareta omsynet til enkle reglar og fører ikkje til at Skatteetaten må endre IT-systema sine vesentleg. Skattedirektoratet arbeider òg for å tryggje likebehandling av saker om tvangsmulkt, mellom anna gjennom oppdatering av retningslinjer, handbøker og andre avklaringsar.

Departementet deler Skattedirektoratet sine vurderingar. Det er ikkje naudsynt med lovendringar for å endre satsane eller talet på laupedarar for tvangsmulkt. Det er naudsynt med forskriftsendringar, og Skattedirektoratet vil sende framlegg om slike endringar på allmenn høyring.

Regjeringa legg med dette til grunn at oppmodingsvedtak nr. 176 (2020–2021) er følgt opp.

10 Opprettingar og presiseringar

10.1 Folkeregisterloven § 3-3 andre ledd siste punktum

Tidlegare vart dei fem siste siffera i fødselsnummeret kalla «personnummer». Ved lov om folkeregistrering 9. desember 2016 nr. 88 vart dette endra. Dei fem siste siffera heiter no individualsiffer (tre siffer) og kontrollsiffer (to siffer), jf. folkeregisterloven § 2-2 andre ledd.

Ved ein feil vart «personnummer» nytta i staden for «individualsiffer» i § 3-3 andre ledd siste punktum. Dette vert difor foreslått endra, slik at det vil stå «individualsiffer». Departementet syner til framlegg om endring i folkeregisterloven § 3-3 andre ledd siste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.2 Skatteloven § 5-15 fyrste ledd bokstav q

I samband med statsbudsjettet for 2020 og Revidert nasjonalbudsjett 2021 vart hovudreglane om arbeidsgjevar si dekking av meirkostnader (kost, losji og besøksreiser) tekne ut av FSFIN § 5-15-5 tolvte ledd og samla på éin stad i skatteloven § 5-15 fyrste ledd bokstav q, jf. Prop. 1 LS (2019–2020) *Skatter, avgifter og toll 2020* punkt 4.3 og Prop. 107 LS (2019–2020) *Endringar i skatteavgifts- og tollavgivinga* punkt 21.2.

Ved ein feil vart ordlyden endra frå den tidlegare føresegna i forskrifta, slik at ordlyden ikkje lenger dekkjer skattytarar på yrkesopphald med overnatting. Departementet foreslår å rette ordlyden, slik at den vert i samsvar med den opphavslege føresegna og omfattar både yrkesopphald med overnatting og pendlaropphald.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 5-15 fyrste ledd bokstav q. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.3 Skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav f og h

Skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav f fastset korleis egenkapitalandelen til eit selskap skal reknast der selskapet sin balansesum er null. I føresegna står det at dersom «balansesummen settes til null, skal egenkapitalandelen settes til 100 prosent dersom egenkapitalandelen er større enn null». Det er derimot *eigenkapitalen*, og ikkje egenkapitalandelen, som må vere større enn null, for at egenkapitalandelen skal setjast til 100 prosent. Dette er føresett i førearbeida, sjå Prop. 1 LS (2018–2019) *Skatter, avgifter og toll 2019* punkt 9.8.6. Departementet foreslår difor ei oppretting i skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav f, slik at føresegna vert endra frå at det står «...dersom egenkapitalandelen er større enn null» til at det står «...dersom eigenkapitalen er større enn null».

Vidare krev skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav h at revisor må godkjenne rekneskapen til selskapet mv. Føresegna seier mellom anna at revisor må godkjenne «konsolidert regnskap for den norske delen av konsernet». Departementet har lagt til grunn i fråsegn av 6. desember 2019 at det er tilstrekkeleg med konsolidert *balanseoppstilling* for den norske delen av konsernet. Skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav c og e krev òg berre konsolidert balanseoppstilling for den norske delen av konsernet. For å sikre samanheng i føresegna, bør dette òg vere kravet etter føresegna i bokstav h. Departementet foreslår difor ei oppretting i skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav h, slik at føresegna vert endra frå at ein krev «konsolidert regnskap» til at ein berre krev «konsolidert balanseoppstilling».

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstava f og h. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2022.

Skattedirektoratet arbeider med å innføre ei ny digital skattemelding for næringsdrivande. I den nye skattemeldinga vil dagens skjema forsvinne, men informasjonsgrunnlaget vert vidareført i den nye skattemeldinga. Med heimel i

skatteforvaltningsloven § 7-13 har Skattedirektoratet endra forskrifter som fastset at revisor skal signere på «skjema», til at revisor skal signere i tilknytning til opplysningane i sjølve skattemeldinga.

Etter skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav h skal revisor signere på eit «tilknyttet skattefastsettingsskjema» i samband med rentebegrensingsregelen. Då skattefastsettingskjema forsvinn i den nye digitale skattemeldinga, må føresegna verte endra slik at det i staden skal signerast på «tilknyttede opplysningar i skattemeldingen».

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 6-41 åttande ledd bokstav h fyrste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde 1. januar 2023, med verknad for leveringa av skattemeldinga for 2022.

10.4 Skatteloven § 6-70 fyrste ledd

I skatteloven § 6-70 fyrste ledd andre punktum er det ein «k» for mykje i ordet «utelukkende». Departementet foreslår at skrivefeilen vert retta.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 6-70 fyrste ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.5 Skatteloven § 15-5 fjerde ledd

Skatteloven § 15-5 fjerde ledd inneheld feil tilvising til skattebetalingsloven § 8-2 tredje ledd. Rett tilvising skal vere skattebetalingsloven § 8-2 andre ledd, jf. endringane i skattebetalingsloven ved lov 12. desember 2008 nr. 100. Departementet foreslår å rette feilen.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 15-5 fjerde ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.6 Skatteloven §§ 5-31, 14-42 og 14-44

Hovudregelen er at offentlege tilskot er skattepliktig, jf. skatteloven § 5-1. Er tilskot nytta til å erverve driftsmidlar som kan avskrivast, skal skattlegginga skje ved at tilskotet vert trekt ifrå driftsmiddelet sin kostpris, jf. skatteloven § 14-42 andre ledd bokstav a andre punktum. Skattlegginga vil då skje ved at dei årlege avskrivningane vert reduserte, eventuelt ved høgare gevinst når driftsmiddelet vert realisert.

Etter skatteloven § 5-31 bokstav a, er det eit unntak frå hovudregelen om skatteplikt i § 5-1, for «tilskudd til investeringar i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr innanfor rammen av forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket av 19. desember 2014 nr. 1816, innanfor det geografiske området som omfattes av § 3 i forskrift 17. juni 2014 nr. 807 og distriktsrettet investeringsstøtte etter samme forskrift, jf. likevel § 14-44 første ledd siste punktum».

Etter skatteloven § 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum, er det eit unntak frå andre punktum om at tilskot skal trekkast frå i kostprisen. Den har den same avgrensinga som for § 5-31 bokstav a. Vert driftsmiddelet selt før fem år etter at det er erverva, vert tilskotet å rekne som ein del av vederlaget og kjem til skattlegging på den måten, jf. skatteloven § 14-44 fyrste ledd siste punktum.

Slik skatteloven §§ 5-31 bokstav a, 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum og 14-44 fyrste ledd siste punktum er utforma, gjeld desse unntaka berre innafor det nærare geografiske området som er omfatta av § 3 i forskrift 17. juni 2014 nr. 807. Med verknad frå 1. januar 2022 vart denne føresegna oppheva av Kommunal- og distriktsdepartementet, og erstatta av Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte, av 14. desember 2021 nr. 3661, jf. § 8. Departementet foreslår at skatteloven sine tilvisingar vert retta opp som følgje av den nye føresegna. Endringane bør få verknad frå det same tidspunkt som den nye føresegna gjeld i frå, altså 1. januar 2022. Departementet syner til framlegg om endringar i skatteloven §§ 5-31 bokstav a, 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum og 14-44 fyrste ledd siste punktum.

10.7 Folketrygdloven § 23-3 femte ledd

Folketrygdloven § 23-3 femte ledd gjeld fastsetjing av trygdeavgift for ektefellar med samskatteoppgjer. Frå 2020 vert ektefellar ikkje lenger skattlagde saman for inntekt, og vil dermed ikkje lenger ha sams fastsetjing av trygdeavgift. Departementet foreslår difor å oppheve folketrygdloven § 23-3 femte ledd.

Departementet syner til framlegg til oppheving av folketrygdloven § 23-3 femte ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.8 Opprettingar som følgje av Sivilombodet si namneendring

Ved lov 18. juni 2021 nr. 121 endra Sivilombodsmannen namn til Sivilombodet og Sivilombodet sin langtittel vart endra til «Stortingets ombud for kontroll med forvaltningen». Sjå Dokument 21 (2020–2021) punkt 10.5 for årsaka til namneendringa.

Skatteforvaltningsloven syner til «Stortingets ombudsmann for forvaltningen» i §§ 12-8 fyrste ledd bokstav b, 13-9 andre ledd og 15-4 andre ledd. I lov om tollavgift (tollavgiftsloven) vart det nytta feil langtittel på Sivilombodet i §§ 11-3 fyrste ledd bokstav b og 12-8 andre ledd. Departementet foreslår at skatteforvaltningsloven og tollavgiftsloven vert endra, slik at ein nyttar dei rette namna.

Departementet syner til framlegg om endringar i skatteforvaltningsloven §§ 12-8 fyrste ledd bokstav b, 13-9 andre ledd og 15-4 andre ledd og tollavgiftsloven §§ 11-3 fyrste ledd bokstav b og 12-8 andre ledd fyrste punktum. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

10.9 Skattebetalingsloven § 5-7 fyrste ledd bokstav b

Lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg vart ved lov 20. desember 2019 nr. 84 endra til å òg gjelde uføre flyktningar. Supplerande stønad til personar som har fylt 67 år er

ein pensjon, medan stønad til uføre flyktningar er ei form for uføretrygd, jf. § 5 fyrste og andre ledd.

Etter uførereforma skal uføretrygd skattleggjast på same vis som lønsinntekt. Det inneber at forskotstrekk av uføretrygd òg skal verte behandla på same vis som forskotstrekk av lønsinntekt, jf. Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter, avgifter og toll 2016* punkt 21.3.

Skattebetalingsloven § 5-7 fyrste ledd gjev unntak frå plikta til å gjere forskotstrekk. Bokstav a gjeld «ytelser som skattlegges som lønn» og bokstav b gjeld mellom anna pensjon og supplerande stønad. Supplerande stønad til uføre flyktningar kan difor både falle inn under bokstav a og bokstav b.

Departementet foreslår at skattebetalingsloven § 5-7 fyrste ledd bokstav b vert endra, slik at føresegna berre gjeld supplerande stønad til personar som har fylt 67 år. Supplerande stønad til uføre flyktningar vert då berre dekkja av bokstav a, slik at forskotstrekk av stønaden vert behandla på same vis som lønsinntekt. Departementet foreslår òg å fjerne frasen «med kort botid i Norge» frå føresegna, fordi frasen ikkje er naudsynt og heller ikkje vert nytta i samband med aldersvilkåret i lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg.

Departementet syner til framlegg om endring i skattebetalingsloven § 5-7 fyrste ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde 1. januar 2023.

11 Endringar i folketrygdloven – oppheving av karenstiden og unntak frå maksimal stønadstid for arbeidsavklaringspengar

11.1 Bakgrunn

Arbeidsavklaringspengar skal sikre inntekt for personar som har behov for og får aktiv behandling, arbeidsretta tiltak eller anna oppfølging med sikte på å få eller behalde arbeid. Arbeidsevna må vere nedsett med minst halvparten, og sjukdom, skade eller lyte må vere ei vesentleg medverkande årsak til dette. Gjennom helsehjelp og arbeidsretta oppfølging er føremålet at den enkelte skal kunne vinne tilbake og utnytte den potensielle arbeidsevna si så mykje som mogleg, og avklare moglegheitene for å delta i arbeidslivet. Det er eit mål at flest mogleg skal få rehabilitert og avklart den endelege arbeidsevna i laupet av stønadstiden. Det er såleis ikkje meininga at arbeidsavklaringspengar skal vere ei generell inntektssikring ved sjukdom. Fokuset ved mottak av arbeidsavklaringspengar er å avklare moglegheitene for å delta i arbeidslivet.

Varigheita av arbeidsavklaringspengar er avgrensa til maksimalt tre år, med høve til at det i nærare spesifiserte situasjonar kan gjevast ytterlegare forlenging i maksimalt to år. Dei fleste er likevel mottakarar av arbeidsavklaringspengar ein kortare periode, og vil aldri nå utlaupet av den ordinære, maksimale stønadstiden. Mottakarar av arbeidsavklaringspengar er likevel ei svært samansett gruppe, der det er stor variasjon både i helseutfordringar og i avstand til arbeidsmarknaden. Departementet ser behovet for eit regelverk som i større grad tek omsyn til dette. Det gjeld både for dei med betydelege helseutfordringar som ikkje er ferdig avklarte innan utlaupet av stønadstiden og som treng meir tid til avklaring, og for dei som ved utlaupet av den maksimale stønadstiden på tre år vert vurderte å vere nær ved å kunne kome i ordinær arbeidsretta aktivitet.

Det vert foreslått å oppheve folketrygdloven § 11-31 fyrste ledd om karenstid på 52 veker før det er mogleg å søkje arbeidsavklaringspengar på nytt for dei som har gått ut maksimal stønadstid. Vidare vert det foreslått å endre

føresegnene for unntak frå maksimal varigheit i folketrygdloven § 11-12 andre ledd, slik at det vert etablert eit nytt arbeidsretta unntak til erstatning for det eksisterande unntaket etter andre ledd. Det vert foreslått at endringane i regelverket tek til å gjelde 1. juli 2022.

Det vert òg foreslått å etablere ei overgangsordning for å sikre at mottakarar ikkje vert ståande utan yting inntil eventuell rett til arbeidsavklaringspengar etter nye reglar har vorte vurdert. Overgangsordninga vert foreslått å gjelde frå 1. juli til 31. oktober 2022.

Det er viktig at regelverket for arbeidsavklaringspengar er utforma slik at det best mogleg støttar opp under føremålet med ordninga. Samstundes er det innhaldet i avklarings- og oppfølgingslaupet til den enkelte som er det mest sentrale for resultatet av arbeidsavklaringa. Parallelt med at det no vert foreslått endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar, vert det òg arbeid med å hente inn meir kunnskap om oppfølginga mottakarar av arbeidsavklaringspengar får. Dette vert gjort med sikte på å bruke kunnskapen til å utvikle oppfølgingsarbeidet og med det bidra til raskare avklaring.

Det er viktig å understreke at endringane som vert foreslåtte i denne lovproposisjonen, ikkje endrar føremålet til og innrettinga av arbeidsavklaringspengar som yting. Ordninga skal framleis vere arbeidsretta. Både mottakarane og Arbeids- og velferdsetaten skal framleis bidra til at arbeidsevna til kvar enkelt mottakar vert avklart så langt som mogleg innanfor tidsramma i stønadstiden. Det vil framleis vere tydelege stoppunkt undervegs i avklaringslaupet for vurdering av mottakaren sitt vidare behov for arbeidsavklaring, og av om mottakaren framleis fyller dei laupande vilkåra for å få ytinga. Ei avvikling av karenstiden inneber ikkje at ein går bort frå at arbeidsavklaringspengar skal vere ei tidsavgrensa yting. Maksimal ordinær varigheit skal framleis vere tre år, og unntaksperioden er avgrensa til inntil to år. Ved søknad om ny periode med arbeids-

avklaringspengar skal det gjerast ei ny, fullstendig vurdering av om inngangsvilkåra for å få ytinga er oppfylte.

Ein vil følgje med på verknadene av dei foreslåtte regelverksendringane på avklaringslauget til stønadsmottakarane, mellom anna kor mange og lange stønadslaupe mottakarane no får før dei vert avklarte. Dersom det skulle syne seg at endringane har utilsikta konsekvensar, til dømes at mange får arbeidsavklaringspengar i uforholdsmessig lang tid, vil det verte vurdert om det er behov for å gjere andre endringar i regelverket.

11.2 Høyringa

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sende 21. januar 2022 framlegg til endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar i kapittel 11 i folketrygdloven på ei forkorta offentleg høyring. Høyringsfristen var 4. mars 2022. Høyringsnotatet vart sendt til følgjande instansar:

Departementa

Arbeids- og velferdsdirektoratet
 Barneombodet
 Datatilsynet
 Husbanken
 Høgskolen i Østfold
 Høgskulen i Volda
 Høgskulen på Vestlandet
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Nasjonal kompetanseteneste for sjeldne diagnoser (NKSD)
 Nord universitetet
 Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)
 Oslomet – storbyuniversitetet
 Statens helsetilsyn
 Statens pensjonskasse (SPK)
 Statistisk sentralbyrå (SSB)
 Statsforvaltarane
 Trygderetten
 Universitetet i Agder
 Universitetet i Bergen
 Universitetet i Oslo
 Universitetet i Tromsø
 Sámediggi – Sametinget
 Sivilombodet

Kommunane

Akademikerne
 Aleneforeldreforeningen

Arbeid og inkludering (bransjeforeining i NHO Service og Handel)
 Arbeidssamvirkenes landsforening (ASVL)
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 AAP-aksjonen
 Den Norske Advokatforening
 Den Norske Aktuarforening
 Den norske dommerforening
 Den norske legeforening
 Fellesorganisasjonen (FO)
 Finans Norge
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
 Gatejuristen
 Hovedorganisasjonen Virke
 Juridisk rådgivning for kvinner (JURK)
 Jussbuss
 Jussformidlingen i Bergen
 Jusshjelpa i Nord-Norge
 Kirkens Bymisjon
 Kommunal landspensjonskasse (KLP)
 Kreftforeningen
 KS – Kommunesektorens organisasjon
 Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL)
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)
 Landsrådet for arbeid til yrkeshemmede (LAFY)
 Lovisenberg diakonale høgskole
 Norges Blindforbund
 Norges Handikapforbund (NHF)
 Norsk Tjenestemannslag (NTL)
 Norsk Trygdemedisinsk forening (Ntmf)
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
 Personskadeforbundet LTN
 Rehabiliteringssenteret AiR
 Rettspolitisk Forening (RPF)
 Rusmisbrukernes Interesseorganisasjon (RIO)
 Rådet for psykisk helse
 Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO)
 Senter for seniorpolitikk
 SENO – Supported Employment Norge
 Uføres Landsforbund
 Unge funksjonshemmede
 UNIO
 Velferdsalliansen EAPN Norway
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

Følgjande instansar hadde merknader:

Arbeids- og velferdsdirektoratet
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Nasjonal kompetanseteneste for sjeldne diagnoser (NKSD)
 Statens helsetilsyn
 Drammen kommune

Eidsvoll kommune
 Fredrikstad kommune
 Holmestrand kommune
 Oslo kommune
 Porsgrunn kommune HR

ADHD Norge
 Akademikerne
 Akademikerne NAV
 Arbeid og inkludering (bransjeforeining i NHO
 Service og Handel)
 Arbeidsgiverforeningen Spekter
 AAP-aksjonen
 Autismeforeningen i Norge
 Den glade kropp
 Fellesorganisasjonen (FO)
 FO si faggruppe for sosialfagleg tilsette
 i somatiske sjukehus
 Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
 FØL Norge
 Hovedorganisasjonen Virke
 Industri- og Næringspartiet (INP)
 Jussbuss
 Kirkens Bymisjon, Gatejuristen
 Kommunal landspensjonskasse (KLP)
 Kreftforeningen
 KS – Kommunesektorens organisasjon
 Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL)
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Norges Blindforbund
 Norges Døveforbund
 Norges ME-forening
 Norsk Ergoterapeutforbund
 Norsk psykologforening
 Norsk Revmatikerforbund
 Norsk Sykepleierforbund
 Norsk Tjenestemannslag (NTL)
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
 Personskadeforbundet LTN
 Rettspolitisk Forening (RPF)
 Rådet for psykisk helse
 Spondyloartrittforbundet
 Unge funksjonshemmede
 Ung Kreft
 UNIO
 Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

I tillegg har 22 enkeltpersonar sendt fråsegner. Enkelte av desse fråsegnene er anonymiserte fordi dei inneheld personsensitive opplysningar, sjå offentleglova § 13 og forvaltningsloven § 13.

Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje har merknader til framlegget:

Forsvarsdepartementet
 Helse- og omsorgsdepartementet
 Justis- og beredskapsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Statistisk sentralbyrå

Lindesnes kommune

Norwex Team Extreme

Merknadene frå høyringsinstansane er omtala i drøftinga av dei ulike framlegga i proposisjonen.

11.3 Avvikling av karensperioden

11.3.1 Gjeldande rett

Av folketrygdloven § 11-31 følgjer det at det gjeld ein karensperiode på 52 veker før det kan innvilgast ny rett til arbeidsavklaringspengar for dei som har gått ut maksimal stønadperiode. Det kjem vidare fram at det skal gjevast unntak frå karensperioden for personar som er alvorleg sjuke eller skadde.

11.3.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet foreslo Arbeids- og inkluderingssdepartementet å avvikle karensperioden på 52 veker, slik at dei som har gått ut maksimal stønadperiode kan få innvilga ny rett til arbeidsavklaringspengar utan ventetid. Ein føresetnad for ein ny stønadperiode er at dei fyller inngangsvilkåra for arbeidsavklaringspengar. Grunngevinga var at den ordinære stønadperioden på tre år kan vere for kort til å avklare arbeidsevna for enkelte stønadsmottakarar, og at avvikling av karensperioden vil kunne gje ny rett til dei som treng meir tid til avklaring.

I høyringsnotatet vart det understreka at avvikling av karensperioden ikkje inneber at ein skal gå tilbake til ei ordning utan ei tidsavgrensing. Den maksimale varigheita skal framleis vere tre år, og unntaket frå maksimal varigheit skal vere avgrensa til to år. I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at det må vere ein føresetnad at søkjaren må ha bidrege aktivt til avklaringa i den føregåande stønadperioden for at vedkomande skal kunne få innvilga ny periode med arbeidsavklaringspengar.

11.3.3 Høyringsfråsegnene

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane som uttalar seg, er positive til framlegget og støttar grunn-

gjevinga for avvikling av karenperioden. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* er samd i at tre år kan vere for kort tid til å avklare arbeidsevna til enkelte mottakarar av arbeidsavklaringspengar, og at dette kan vere særleg krevjande når mottakarar har samansette utfordringar og helseplager. Dei uttalar vidare at avvikling av karenperioden vil gje denne gruppa større grad av føreseielegheit og kontinuitet, og at framlegget vil sikre at desse mottakarane kan gjennomføre naudsynt behandling og arbeidsretta tiltak for å avklare arbeidsevna, utan å uroe seg for inntektssikring. Direktoratet understrekar at ei avvikling av karenperioden kan bidra til å flytte merksemd frå manglande inntektssikring til avklaring. *Statens helsetilsyn* uttalar at karenstida har vore uheldig for mottakarar som har hatt behov for arbeidsavklaringspengar, men som likevel har måtta vente i 52 veker på grunn av karenstida før dei kan søkje om arbeidsavklaringspengar på nytt. *Drammen kommune* meiner at avvikling av karenperioden vil kunne bidra til auka økonomisk føreseielegheit og gje auka kontinuitet i avklaringa. Det vil òg kunne føre til redusert behov for sosialhjelp fordi færre vil ha behov for å søkje økonomisk støtte i perioden dei er utan arbeidsavklaringspengar. *AAP-aksjonen* støttar framlegget om å avvikle karenperioden, men meiner det er avgjerande viktig at sjuke og skadde skal ha ei avbrotsfri inntektssikring etter folketrygdloven som lèt vere å utløyse stress eller økonomisk utryggleik, frå dei vert sjuke til dei er ferdig avklarte opp mot arbeid og/eller ei uføretrygd.

Arbeids- og velferdsdirektoratet støttar ikkje framlegget i høringsnotatet om at mottakaren sitt bidrag til eiga avklaring i tidlegare periode skal vektleggjast ved søknad om ny periode med arbeidsavklaringspengar. Direktoratet syner til at ein slik regel vil vere vanskeleg for mottakaren å forhalde seg til og krevjande for Arbeids- og velferdsetaten å praktisere likt. Direktoratet meiner det vil vere uheldig å innføre eit vilkår der ein ved vurderinga av ein ny søknad legg vekt på i kva grad ein mottakar har bidrege til eiga avklaring i ein tidlegare periode. Direktoratet syner òg til manglande heimelsgrunnlag for å avslå ein søknad om arbeidsavklaringspengar med grunn-gjeving om at ein mottakar ikkje har bidrege tilstrekkeleg til eiga avklaring i ein tidlegare periode. *AAP-aksjonen* peiker på at det ofte kan vere helseutfordringane i seg sjølv som har hindra eit aktivt bidrag til eiga avklaring, og at det syner seg som eit stort problem at dette ikkje ser ut til å verte teke omsyn til i lovverket. *ADHD Norge* understrekar at personar med ADHD treng ekstra

oppfølging og tilrettelegging for til dømes å halde timeavtalar, sende inn rett dokumentasjon til rett tid med meir, og poengterer at dette er utfordringar som ikkje kjem av «vrang vilje», men snarare er nokre av hovudutfordringane knytte til diagnosen. Dei meiner difor at tilstrekkeleg eigeninnsats og bidrag til eiga avklaring må sjåaast i lys av eksekutive vanskar og utfordringar med sjølvregulering og sjølvorganisering. *Hovedorganisasjonen Virke* støttar framlegga til endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar, men meiner at oppheving av karenperioden vil gje fleire søknader som vil krevje meir ressursar frå Arbeids- og velferdsetaten. *Landsorganisasjonen (LO)* støttar framlegget og understrekar at det er viktig at ingen mistar inntektssikringa på arbeidsavklaringspengar før dei er ferdig avklarte. Ifølgje LO må oppfølginga styrkjast for at arbeidsavklaringspengeordninga skal kunne fungere tilfredsstillande. *LO og Norsk Tjenestemannslag (NTL)* meiner vidare at dei som har fått arbeidsavklaringspengar dei siste tre åra, må kunne bruke berekningsgrunnlaget frå førre sak om arbeidsavklaringspengar dersom dette gjev høgare grunnlag.

Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) og *Arbeidsgiverforeningen Spekter* støttar ikkje framlegget om å avvikle karenperioden. *NHO* grunn-gjev dette med at dei er urolege for at avvikling av karenperioden kan verte oppfatta som, og i ytste konsekvens praktisert som, ei generell utviding av stønadsperioden for arbeidsavklaringspengar frå tre til seks år. *NHO* meiner òg at eventuelle større endringar må gjerast på eit meir solid kunnskapsgrunnlag om verknadene av dei innstrammingane som skjedde i 2018. *Arbeidsgiverforeningen Spekter* meiner at avvikling av karenperioden er uheldig fordi det fram til no har synt seg at tidsavgrensinga har hatt betydning for stønadsloopet, og at ei avvikling vil fjerne preget av at arbeidsavklaringspengar er ei tidsavgrensa inntektssikringsordning. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* peiker på at å avvikle karenperioden kan føre til at tidsavgrensinga av ytinga vert ein formalitet, og at ytinga kan vare utan stans så lenge mottakarar oppfyller vilkår og set fram søknad.

11.3.4 Departementet si vurdering og framlegg

Innføring av karenperioden kan ha bidrege til at avklaringsloop har vorte avbrotne utan at stønads-mottakarane har vorte avklarte korkje mot arbeid eller uføretrygd. Mottakarar av arbeidsavklaringspengar er ei svært samansett gruppe, der det er

stor variasjon i både helseutfordringar og i avstand til arbeidsmarknaden. Å avvikle karenperioden vil kunne vareta dei med betydelege helseutfordringar som ikkje har ei ferdig avklart arbeidsevne innan utlaupet av stønadsperioden, og som treng meir tid til avklaring.

Dei fleste får arbeidsavklaringspengar ein kortare periode og vil aldri nå utlaupet av den maksimale stønadsperioden. Dette gjeld både mottakarar som går over i arbeid, og mottakarar som vert avklarte til uføretrygd. Fleire mottakarar av arbeidsavklaringspengar har likevel eit komplekst utfordringsbilete og eit sjukdomsbilete som det tek fleire år å få klårlagt. Det kan vere svært utfordrande å halde fokus på arbeidsavklaring utan økonomisk tryggleik. Nokre opplever at karenperioden skaper uvisse og uro for livsopphaldet, slik at dette tek merksemd bort frå arbeidsavklaringa. Slike situasjonar kan bidra til å forverre utfordringane og sjukdomsbiletet for enkelte stønadmottakarar. Dette har store konsekvensar for dei som vert råka.

Departementet foreslår difor å avvikle karenperioden som følgjer av gjeldande folketrygdlov § 11-31 fyrste ledd. Avvikling av karenperioden vil redusere den uvisse og uroa for livsopphaldet som dagens maksimale tid på arbeidsavklaringspengar med etterfølgjande karenperiode kan medføre på kostnad av merksemd på arbeidsavklaringa. Framlegget vil innebere at personar som tidlegare har fått arbeidsavklaringspengar ut maksimal stønadsperiode, etter søknad kan få innvilga ein ny rett til ytinga før det har gått 52 veker. Dette vil kunne gi ny rett til dei som treng meir tid til avklaring, og bidra til at merksemda i større grad vert retta mot avklaring.

Departementet vil samstundes understreke at avvikling av karenperioden ikkje inneber at ein går bort frå at arbeidsavklaringspengar skal vere ei tidsavgrensa yting. Maksimal ordinær varigheit skal framleis vere tre år, og unntaksperioden er avgrensa til inntil to år.

Det er tydelege stoppunkt i ordninga som vert vidareført, og det skal jamleg vurderast om mottakaren framleis fyller vilkåra for å få ytinga. Stoppunkta er i hovudsak knytte til utlaupet av ordinær stønadsperiode og unntaksperioden, og dessutan naturlege stoppunkt i oppfølginga, som etter gjennomført behandling eller tiltak. Aktivitetskrava vert fastsette i aktivitetsplanen, jf. NAV-loven § 14 a. Stønadmottakaren skal medverke ved utarbeidinga av aktivitetsplanen. Det er eit vilkår for rett til arbeidsavklaringspengar at mottakaren bidreg aktivt i prosessen med å kome i arbeid.

Etter gjeldande reglar er det to former for sanksjonar etaten kan setje i verk når ein mottakar av arbeidsavklaringspengar ikkje overheld aktivitetsplikta. Ei av sanksjonsmoglegheitene er trekk i utbetalinga for éin dag, jf. folketrygdloven § 11-9 og forskrift 13. desember 2017 nr. 2100 om arbeidsavklaringspengar § 4. Ved fråvær frå fastsett aktivitet kan arbeidsavklaringspengane stansast inntil vilkåra for å få ytinga igjen er oppfylte, jf. folketrygdloven § 11-8 fyrste ledd. Føremålet med sanksjonsmoglegheitene er å leggje press på mottakaren til å bidra aktivt i prosessen med å kome i jobb. Ved gjentekne brot på aktivitetsplikta skal etaten vurdere om mottakaren framleis oppfyller vilkåra for ytinga. Ytinga skal stansast dersom vedkomande ikkje oppfyller vilkåra, jf. folketrygdloven § 11-8 femte ledd.

Innhaldet i avklaringa og oppfølginga er det som har mest å seie for utfallet. Det er avgjerande at den arbeidsretta oppfølginga og innhaldet i den arbeidsretta aktiviteten er individuelt tilpassa. Avtalte aktivitetar og innhaldet i den arbeidsretta oppfølginga skal kome klårt fram av aktivitetsplanen til mottakaren. Sannsynet for varig fråfall frå arbeidsmarknaden aukar med lengda av fråværet. Ved ei avvikling av karenperioden er det difor spesielt viktig å ta vare på gode utviklingstrekk mot raskare avklaring av arbeidsevna til mottakarane, slik at ei avvikling ikkje bidreg til lengre stønadsperioder. Det er viktig å kome raskt i gang med avklaringsarbeidet, og at avklaringa ikkje tek meir tid enn naudsynt. Det følgjer av folketrygdloven § 11-11 at mottakarar av arbeidsavklaringspengar skal følgjast opp jamleg, og oppfølginga skal vere tilpassa behova til kvar enkelt mottakar. Det skal framleis gjennomførast grundige vurderingar av endringar i arbeidsevna til mottakaren, og av om vilkåra for å få arbeidsavklaringspengar framleis er oppfylte etter gjennomført behandling og tiltak. Departementet understrekar kor viktige desse vurderingane er, og at dette er reelle stoppunkt for å vurdere mottakaren sine bidrag og framdrifta i avklaringsarbeidet.

Departementet vil presisere at ein person ikkje kan innvilgast ny stønadsperiode etter folketrygdloven § 11-12 fyrste ledd dersom vedkomande er vurdert å oppfylle vilkåra for forlenging etter unntaksreglane. Sjå den nærare omtalen av forholdet mellom ny stønadsrett og unntak frå maksimal varigheit i punkt 11.4.5.3. Stønadmottakaren må sjølv setje fram ein eventuell søknad om ny rett til arbeidsavklaringspengar. Ved behandlinga av søknaden om ny rett skal det gjennomførast ei ny, fullstendig vurdering av inngangsvilkåra for å få arbeidsavklaringspengar. Det skal vurderast om

den som søker, framleis har nedsett arbeidsevne i tilstrekkeleg grad, og framleis har behov for bistand til å skaffe seg eller behalde arbeid (folketrygdloven §§ 11-5 og 11-6). Dette vil i dei fleste tilfelle mellom anna innebere behov for at Arbeids- og velferdsetaten hentar inn oppdatert medisinsk dokumentasjon for å kunne vere i stand til å gjere ei ny arbeidsevnevurdering. I saksbehandlinga skal dette handterast på tilsvarende måte som ved ein fyrstegongssøknad, og det skal vurderast om den som søker, har ei arbeidsevne som er nedsett med minst 50 prosent.

Etter folketrygdloven § 11-6 fyrste ledd er det eit vilkår for arbeidsavklaringspengar at mottakaren har behov for aktiv behandling, tiltak eller har prøvd noko av dette og no får anna oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten med sikte på å skaffe seg eller behalde arbeid. Mellom anna i lys av innspel frå høyringsinstansane ser departementet ikkje grunn til å foreslå andre inngangsvilkår for dei som har fått arbeidsavklaringspengar tidlegare, som til dømes vilkår om tidlegare bidrag til avklaring ved vurdering av rett til ny stønadsperiode. Mottakarar av arbeidsavklaringspengar er ei svært samansett gruppe, og for nokre vil helseutfordringar kunne gjere det vanskeleg å medverke til eiga avklaring eller vere til hinder for dette. I tillegg er det eit laupande vilkår for arbeidsavklaringspengar at stønadmottakaren medverkar aktivt til eiga avklaring, samstundes som etaten har høve til å sanksjonere mottakarar som har fråvær frå fastsett aktivitet.

I vurderinga av om vilkåra i folketrygdloven § 11-6 er oppfylte, vil ein føregåande stønadsperiode kunne gje indikasjonar på eller informasjon om stønadmottakaren kan nyttiggjere seg av ytterlegare behandling, tiltak eller oppfølging. Departementet legg til grunn at informasjon om dette vil kunne inngå som ein del av vurderingsgrunnlaget når det skal vurderast om vilkåra i § 11-6 er oppfylte framover i tid.

Ny rett til arbeidsavklaringspengar inneber ikkje at ein automatisk får rett til tre nye år med stønad. Vedtak om arbeidsavklaringspengar kan fattast for inntil eitt år av gongen. Det skal gjerast reelle vurderingar både ved innvilgingstidspunktet, undervegs i stønadsperioden og ved utlaupe av stønadsperioden. Dei årlege vedtaka i den ordinære stønadsperioden er i all hovudsak automatiserte, men det er ein premiss for den automatiske vedtaksforlenginga at vilkåra for ytinga er vurderte som oppfylte gjennom oppfølging av stønadmottakaren.

Dersom rett til ny stønadsperiode vert innvilga, er det naturleg å vurdere aktuelle verke-

middel og tiltak i den vidare oppfølginga i lys av den arbeidsretta oppfølginga i førre stønadsperiode. Tidlegare gjennomførte arbeidsretta tiltak og behandling vil òg kunne vere eigna til å dokumentere grad av arbeidsevne. Dette gjeld særleg dersom den som søker, anten har vore lenge utanfor ordinært arbeidsliv eller har lita eller inga arbeidsrøynsle frå tida før arbeidsevna vart nedsett.

Ved innvilging av ny rett må det vidare fastsetjast eit grunnlag for berekninga av arbeidsavklaringspengar. Som omtala ovanfor vurderer *LO* og *NTL* det slik at dei som har fått arbeidsavklaringspengar dei siste tre åra, må kunne bruke berekningsgrunnlaget frå siste sak om arbeidsavklaringspengar dersom dette gjev høgare grunnlag. Reglane for berekning av arbeidsavklaringspengar følgjer av folketrygdloven § 11-19. Av føresegna følgjer det at grunnlaget for å berekne arbeidsavklaringspengar vert fastsett ut frå den pensjonsgjevande inntekta medlemmen hadde i året før arbeidsevna vart nedsett med minst halvparten, eller ut frå gjennomsnittet av den pensjonsgjevande inntekta i dei tre siste kalenderåra før same tidspunkt dersom dette gjev eit høgare grunnlag. Sjølv om ein person vert innvilga ny rett til arbeidsavklaringspengar, vil ikkje dette innebere at tidspunktet for når arbeidsevna vart nedsett med minst halvparten, vert vurdert å vere eit anna tidspunkt enn då ytinga vart innvilga i det førre stønadstilfellet. Dersom tidspunktet for nedsetjing av arbeidsevna vert vurdert som uendra frå førre stønadsperiode med arbeidsavklaringspengar, skal berekningsgrunnlaget for den nye stønadsperioden fastsetjast ut frå dei same inntektsopplysningane som for den føregåande stønadsperioden (justert for endringar i grunnbeløpet). Departementet ser difor ikkje grunn til å foreslå endringar i § 11-19.

I samband med behandlinga av Prop. 48 LS (2021–2022) *Endringer i midlertidig lov om kompensasjonstelse for selvstendig næringsdrivende og frilansere som har mistet inntekt som følge av utbrudd av covid-19 og endringer i statsbudsjettet 2022 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet (økonomiske tiltak i møte med pandemien: kompensasjonstelse for selvstendig næringsdrivende og frilansere, permittering, dagpenger, sykepenger, omsorgspenger og arbeidsavklaringspengar)* vart det vedteke at det skal vere mogleg å få innvilga arbeidsavklaringspengar frå 1. februar 2022 og ut juni 2022, utan å verte påverka av regelen om karenssår. I prinsippet inneber det ei mellombels oppheving av karenssperioden fram til tidspunktet framlegga i denne lovproposisjonen er

foreslått å tre i kraft. Framlegget om å avvikle karensføresegna i folketrygdloven § 11-31 frå 1. juli 2022 inneber at personar som elles vil tre inn i ein karenspaneode frå iverksetjingstidspunktet for den foreslåtte lovendinga, vil kunne få ny rett til arbeidsavklaringspengar frå denne datoen dersom dei set fram ein søknad og oppfyller inngangsvilkåra for å få ytinga.

Departementet har vurdert om framlegget om å avvikle karensføresegna for arbeidsavklaringspengar vil få EØS-rettslege konsekvensar eller konsekvensar etter annan internasjonal rett. Departementet syner i samband med dette til Prop. 71 L (2021–2022) *Endringer i folketrygdloven mv. (synliggjøring av folkerettslige forpliktelser til trygdekoordinering)*. I punkt 8.2.4 og 8.2.5, og i merknadene til folketrygdloven ny § 11-1 a, og til endringane i §§ 11-3 og 11-20, vert Arbeids- og inkluderingsdepartementet si vurdering av arbeidsavklaringspengar gjennomgått, sett opp mot dei ulike føresegnene i trygdeforordninga. Etter departementet si vurdering påverkar ikkje framlegget om å avvikle karensføresegna dei vurderingane som vert gjorde i Prop. 71 L (2021–2022), og departementet finn det difor ikkje føremålstenleg å gjere ein tilsvarande gjennomgang i denne proposisjonen.

Framlegget om å avvikle karensføresegna er ei endring av dei nasjonale kvalifikasjonsreglane for rett til arbeidsavklaringspengar, og framlegget inneber inga forskjellsbehandling av norske borgarar og andre EØS-borgarar. Departementet vil likevel peike på at opphevinga av karensføresegna kan påverke vurderinga av når Noreg sluttar å vere lovvalsstat i ei konkret sak. Her vil vurderinga kunne avhenge av ei rekkje faktorar, under dette av tidspunktet for når søknad om ny periode med arbeidsavklaringspengar vart fremja, om personen var rekna som yrkesaktiv eller ikkje før perioden med arbeidsavklaringspengar, og av ei konkret vurdering av om forholda ved kvar enkelt søkjar gjev eit klart skilje mellom føregåande periode og ein eventuell ny periode. Det vert synt til nærare omtale av lovvalsreglane i Prop. 71 L (2021–2022) i merknaden til folketrygdloven ny § 11-1 a.

Det vert synt til lovframlegget om endringar i folketrygdloven § 11-31.

11.4 Nytt unntak frå maksimal stønadspaneode

11.4.1 Innleiing

Eit mål med ordninga med arbeidsavklaringspengar er at flest mogleg skal vere endeleg avklarte innan stønadspaneoden er avslutta. For

mottakarar som ved utlaupet av treårsperioden er nær ved å få avklart arbeidsevna si, og som kan kome i ordinær arbeidsretta aktivitet eller søkje arbeid, kan det vere uheldig og lite føremålstenleg å avbryte den pågåande avklaringa.

Det vert difor foreslått eit nytt unntak frå varigheitsavgrensinga som er framoverskodande og arbeidsretta. Det nye unntaket vert foreslått å omfatte mottakarar som framleis har uavklart arbeidsevne, og som vert rekna for å vere nær ved å verte sett i stand til å skaffe eller gå tilbake i arbeid, eller allereie er i arbeid.

11.4.2 Gjeldande rett

Det følgjer av folketrygdloven § 11-12 andre ledd at stønadspaneoden på tre år kan forlengjast i inntil to år dersom «a) medlemmet først etter langvarig utredning har begynt med hensiktsmessig medisinsk behandling og/eller arbeidsrettet tiltak, eller b) medlemmet har vært forhindret fra å kombinere medisinsk behandling og arbeidsrettet tiltak». For desse alternativa er det ein føresetnad at sjukdom, skade eller lyte er hovudårsak til at mottakaren si arbeidsevne ikkje er avklart mot arbeid eller uføretrygd. Det følgjer vidare av § 11-12 tredje ledd at stønadspaneoden kan forlengjast i inntil to år dersom mottakaren deltek på opplæringstiltak. For dette unntaket gjeld ikkje kravet om at sjukdom, skade eller lyte er hovudårsak til at mottakaren si arbeidsevne ikkje er avklart mot arbeid eller uføretrygd.

Stortinget har vedteke å innføre eit nytt unntak for forlenging av stønadspaneoden for arbeidsavklaringspengar frå 1. juli 2022, jf. Prop. 4 L (2021–2022) *Endringer i folketrygdloven og enkelte andre lover (samleproposisjon høsten 2021)*, Innst. 68 L (2021–2022) og lovvedtak 7 (2021–2022). Dette vil gje rett til forlengd stønadspaneode for mottakarar av arbeidsavklaringspengar som fyrst etter lang ventetid på behandling i helsevesenet har byrja med føremålstenleg medisinsk behandling og/eller arbeidsretta tiltak. Den nye unntaksmoglegheita ved lang ventetid på behandling skal kunne sjåast i samanheng med dagens unntak ved langvarig utgreiingstid, slik at det skal kunne gjevast unntak ved kombinasjon av lang ventetid på behandling og langvarig utgreiingstid. Endringa vert teken inn i folketrygdloven § 11-12 andre ledd bokstav a.

11.4.3 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet foreslo Arbeids- og inkluderingsdepartementet eit nytt unntak frå varigheits-

avgrensinga som er framoverskodande og arbeidsretta. Det nye unntaket vart foreslått å omfatte mottakarar som framleis har uavklart arbeidsevne, og som vert rekna for å vere nær ved å verte sett i stand til å søkje arbeid eller gjennomføre utdanning. Arbeids- og inkluderingsdepartementet bad om høyringsinstansane si vurdering av kva som vert sett på som ei føremålstenleg innretting av eit nytt framoverskodande arbeidsretta unntakshøve.

Utover dette bad Arbeids- og inkluderingsdepartementet òg om høyringsinstansane si vurdering av forholdet mellom framlegg til nytt unntak og gjeldande unntaksføresegner i folketrygdloven § 11-12 andre ledd, og av det nye unntaket for ventetid på behandling som vil tre i kraft 1. juli 2022, sett i lys av dei andre endringsframlegga i høyringsnotatet. Konkret inneber dette ei vurdering av om den nye unntaksføresegna skal kome i tillegg til eller erstatte dei eksisterande unntaksføresegnene. Høyringsnotatet drøfta fordelar og ulemper med dei to alternativa, og det vart bede om innspel frå høyringsinstansane.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslo å føre vidare gjeldande unntaksføresegn i folketrygdloven § 11-12 tredje ledd. Dette vart grunngeve med at unntaket er framoverskodande, og at det ikkje er eit vilkår om at sjukdom, skade eller lyte er hovudårsaka til at stønadsmottakaren si arbeidsevne ikkje er avklart mot arbeid eller trygd, som det er for rett til unntak etter gjeldande folketrygdlov § 11-12 andre ledd. Unntaket i tredje ledd er grunngeve med at det er føremålstenleg å motverke avbrot i opplæringslaupet, og at opplæringstiltak har særleg god dokumentert verknad på overgang til arbeid.

11.4.4 Høyringsfråsegnene

Eit stort fleirtal av høyringsinstansane som uttalar seg om framlegg til ny unntaksføresegn i folketrygdloven § 11-12, er positive til framlegget. Blant instansane som gjev støtte til framlegget, er *Statens helsetilsyn*, *Akademikerne*, *Norges ME-forening*, *Norges Blindeforbund*, *KS* og *Unio*.

Enkelte av høyringsinstansane peiker likevel òg på at det er behov for at ein i lovframlegget gjev nærare opplysningar om kva moment som skal inngå i vurderinga av om ein mottakar er nær ved å verte sett i stand til å søkje arbeid. *Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)* støttar framlegget til ny unntaksføresegn, men vurderer at det er behov for ei nærare innramming av kva det vil seie «å være nær ved å bli satt i stand til», slik at tidsfastsetjinga ikkje vert for lang. *Funksjonshemmedes*

Fellesorganisasjon (FFO) støttar framlegget om eit nytt framoverskodande unntakshøve, som vert kopla til om personen vert rekna for å vere nær ved å bli sett i stand til å søkje arbeid eller gjennomføre utdanning. Samstundes ber FFO Arbeids- og inkluderingsdepartementet om å klargjere kva som ligg i «nær ved», og at føresegna ikkje bidreg til at dei som er langt unna heilt eller delvis arbeid, ikkje kvalifiserer til forlengd rett til arbeidsavklaringspengar.

Akademikerne NAV støttar at det må vere unntaksreglar frå hovudføresegna om at arbeidsavklaringspengar vert gjevne for opptil tre år, men meiner at føresegna vil verke meir komplisert enn kva som er naudsynt, sjølv etter den foreslåtte endringa. *Landsorganisasjonen (LO)* er òg positive til framlegget, men peiker på at å innføre eit nytt framoverskodande unntakshøve kan verte krevjande, og at fordelane for mottakarane må vegast opp mot at ressursar som trengst til tett oppfølging, går til unauddsynt byråkrati med fleire unntaksordningar. *Norsk Tjenestemannslag (NTL)* støttar inngangskriteriet om at ein må vere nært anten å kunne arbeide eller ta utdanning i unntaksperioden, men stiller seg ikkje bak eit krav om at dette berre skal gjelde for dei som har håp om å oppnå meir enn 50 prosent arbeidsevne etter avslutta løp. NTL meiner at dette må gjelde for alle som har ei moglegheit for å kome i arbeid, uavhengig av stillingsstorleik, og at dette òg vil vere i tråd med politikken til regjeringa overfor uføre elles, der det vert lagt vekt på at uføre får utnytta restarbeidsevna si.

Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner at det er vanskeleg å ta stilling til kva mottakarar som kan oppfylle vilkåra til ein ny unntaksregel, då det i høyringsnotatet er ope korleis endeleg framlegg til ny unntaksregel vil bli. Direktoratet meiner at eit nytt framoverskodande unntak må ha klare vilkår, slik at mottakarar kan innrette seg, og at Arbeids- og velferdsetaten kan sikre likebehandling. Direktoratet meiner det må avklarast om ein mottakar som ved utlaupet av treårsperioden jobbar mellom 50 og 60 prosent og er nærare gradert uføretrygd enn meir jobb, vil oppfylle vilkåra for unntak. I eit slikt tilfelle vil det vere uklart om personen etter ytterlegare tid med arbeidsavklaring kan delta i det ordinære arbeidslivet eller gjennomføre studium. Sidan personen ikkje har 50 prosent nedsett arbeidsevne, vil personen ikkje oppfylle vilkåra i folketrygdloven § 11-5, og difor ikkje ha krav på ein ny periode.

AAP-aksjonen uttalar at dei er kritiske til både gjeldande unntaksreglar og framlegg til nytt framoverskodande unntak, ettersom dei meiner at

ingen av føresegnene vil fange opp dei personane som verkeleg treng vidare rett til arbeidsavklaringspengar.

Høyringsinstansane er delte i synet på å avvike eller behalde dei eksisterande unntaksreglane. *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)*, *Fellesorganisasjonen (FO)*, *Likestillings- og diskrimineringsombodet*, *Norges ME-forening*, *Norsk Tjenestemannslag (NTL)*, *Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL)*, *Jussbuss*, *Norges Blindeforbund*, *Norsk Sykepleierforbund* og *Rådet for psykisk helse* vil behalde gjeldande unntaksføsegner. *FO* og *Rådet for psykisk helse* meiner at ei avvikling vil gje ei svekking av mottakaren sine rettar. *Jussbuss* grunnjev ei vidareføring av dei eksisterande unntaka med at det er ulike føremål ved dei eksisterande unntaka og framlegget til nytt unntak, og meiner at sjølv om unntaka får mindre praktisk betydning ved fjerning av karensåret, vil enkelte mottakarar framleis kunne ramast dersom dei vert oppheva. Dei påpeiker at stønadsmottakarar med arbeidsevne mellom 50 og 60 prosent ikkje vil ha rett til ny periode med arbeidsavklaringspengar. *Norges ME-forening* meiner at moglegheit til å søkje om ein ny periode ikkje erstattar unntaket i § 11-12 andre ledd, og at nokon som enno er uavklart ved avvikling, vil miste all inntekt. Dei meiner at ingen skal miste støtte til livsopphald medan dei framleis er under utgreiing eller avklaring, på grunn av forhold dei ikkje rår over. *Likestillings- og diskrimineringsombodet* trur ikkje at alle dei som har behov, automatisk vil få ny rett til arbeidsavklaringspengar når karenspanperioden vert avvika. Dei meiner at dersom stønadspanperioden må verte fornya, bør dagens unntaksreglar utvidast og forenklast. *Norsk Sykepleierforbund* meiner at ved å behalde eksisterande unntaksføsegner i lovteksten vert det lettare for mottakaren å finne ut om ho kan ha rett på utvida stønadspanperiode, og at sjølv om mange mottakarar vil omfattast av framlegget til ny unntaksregel, vil nokon som treng vidare oppfølging, kunne falle utanfor dersom eksisterande unntak vert oppheva. *FFO* og *Norges Blindeforbund* grunnjev synet sitt med at ordninga no er forholdsvis godt rigga for at personar med helseutfordringar med tid på arbeidsavklaringspengar som er gått til utgreiing, helsebehandling, eller der det har vore utfordrande å kombinere medisinsk behandling og arbeidsretta oppfølging, kan verte gjeve forlenga rett til ytinga. *Norges Blindeforbund* meiner at moglegheita til kontinuitet er det viktigaste, og at det bør tale for ei vidareføring av unntaksføsegner som gjev rett til forlenging. *NTL* grunnjev synet sitt med at situa-

sjonen kan endre seg, nokre mottakarar kan raskt verte friskare der ein tidlegare har vurdert at det ikkje var mykje moglegheit for aktivitet.

Arbeids- og velferdsdirektoratet, *Eidsvoll kommune*, *Fredrikstad kommune*, *KS*, *Oslo kommune*, *Rettspolitisk foreining*, *UNIO* og *Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)* er positive til å avvike dei gjeldande unntaksføresegnene. *YS* uttrykkjer likevel uro for at ei avvikling inneber at menneske som er i ein sårbar situasjon, risikerer å falle mellom to stolar, og meiner at dette taler for ei overgangsordning. *KS* er positive til ei avvikling, men meiner at det nye unntaket må innrettast på ein måte som sikrar at personar som sannsynlegvis kan kome i jobb innan unntaksperioden, får innvilga unntak. *Rettspolitisk foreining* føreset at dei som i dag kvalifiserer for unntak, vert omfatta av det nye unntakshøvet. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* meiner at det utan ei nærare avgrensing av den nye unntaksføresegna er vanskeleg å vurdere kva grupper som kan miste rett til ytinga dersom ein avviklar gjeldande unntaksreglar i folketrygdloven § 11-12 andre ledd. Direktoratet uttrykkjer vidare at vilkårsvurderingane som vert gjort etter folketrygdloven § 11-12 andre ledd, er kompliserte og ressurskrevjande for Arbeids- og velferdsetaten å praktisere. Direktoratet meiner at dersom dei fleste stønadsmottakarane anten vil kunne verte innvilga ei forlenging etter ny unntaksføresegn eller ein ny ordinær periode med arbeidsavklaringspengar etter folketrygdloven § 11-12 fyrste ledd, vil betydinga av dagens unntaksreglar verte liten. Direktoratet peiker på at det kan finnast ei gruppe mottakarar som i dag oppfyller vilkåra i § 11-12 andre ledd, og som har ei arbeidsevne på mellom 50 og 60 prosent. Dersom desse ikkje vil oppfylle vilkåra for unntak etter nye reglar, vil denne gruppa kunne verte ståande utan yting. Direktoratet går ut frå at dette vil gjelde ei veldig lita gruppe. For å unngå at mottakarar som før iverksetjingstidspunktet er innvilga unntak etter gjeldande unntaksføresegner, skal miste retten til ytinga etter berre eitt år, meiner direktoratet at det må gjevast overgangsreglar for å vareta denne gruppa.

Kreftforeningen meiner at det å behalde dei eksisterande unntaka vil føre til at regelverket vert ytterlegare komplisert, og at dette kan føre til forskjellsbehandling og lengre saksbehandlings-tid. *Kreftforeningen* meiner vidare at det er svært viktig at regelverket ikkje vert innskrenka ved avvikling av dei eksisterande unntaksføresegnene, fordi det vil vere svært uheldig dersom alvorleg sjuke som i dag fell innanfor unntaks-

reglane, ved avvikling av føresegnene ikkje vert innvilga ny periode.

Det er ikkje kome fram merknader i høyringsrunden mot å føre vidare unntakshøvet i folketrygdloven § 11-12 tredje ledd.

11.4.5 Departementet si vurdering og framlegg

11.4.5.1 Nytt framoverskodande unntak

Behovet for endra unntak

Dei gjeldande unntaka i folketrygdloven § 11-12 andre ledd for rett til å få arbeidsavklaringspengar utover ordinær stønadperiode er tilbakeskodande. Dette inneber at det i hovudsak er avgjerande om mottakar som følgje av helsesituasjonen har opplevd nærare spesifiserte hindringar tidlegare i stønadperioden som medfører at vedkomande har brukt lengre tid enn andre på å få avklart arbeidsevna si. Mottakarar som ikkje har opplevd slike hindringar, har likevel etter dagens reglar ikkje rett til unntak, sjølv om arbeidsevna deira ikkje er ferdig avklart ved utlaupet av den ordinære stønadperioden. Det er eit mål at den enkelte skal kunne vinne tilbake og utnytte den potensielle arbeidsevna si så mykje som mogleg. Departementet foreslår difor å innføre ei ny unntaksføresegn som skal rettast inn mot stønadsmottakarar som treng noko meir tid med arbeidsavklaring, men som kan delta i, eller kan kome til å delta i, ordinær arbeidsretta aktivitet. Dette vil bidra til å nå målsetjinga med ordninga, og til å unngå lite tenlege avbrot av pågåande avklaring. Dette vil òg kunne motivere til auka arbeid og lette overgangen frå arbeidsavklaringspengar til ordinær arbeidsretta aktivitet.

Vurdering av retten til unntak

Framlegget til ny unntaksføresegn skal etter ordlyden gjelde ein stønadsmottakar som «allerede er i arbeid og anses å være nær ved å kunne øke arbeidsevnen sin, eller anses å være nær ved å bli satt i stand til å skaffe eller gå tilbake i arbeid». I denne vurderinga kan relevante moment mellom anna vere om stønadsmottakaren har eit konkret yrkesmål med aktivitetar for å nå målet, planlagd behandling, avtalte arbeidsretta aktivitetar og prognose som tilseier betring av helse og arbeidsevne. Dette er framoverskodande vurderingsmoment som vil kunne seie noko om kva moglegheiter den enkelte har for å kome i arbeid, eller for å verte sett i stand til å skaffe arbeid. Framlegget til nytt unntakshøve er innretta mot dei stønads-

mottakarane som anten allereie deltek i arbeidslivet, eller som er nær ved å kunne delta i det ordinære arbeidslivet. Samstundes er framlegget utforma med tanke på å vareta målet om at den enkelte skal kunne vinne tilbake og utnytte den potensielle arbeidsevna si så mykje som mogleg.

Det gjekk fram av framlegget til ny unntaksføresegn som vart send på høyring, at retten til unntak føresette at «medlemmet etter en ny arbeidsevnevurdering (jf. arbeids- og velferdsforvaltningsloven § 14 a) anses å være nær ved å bli satt i stand til å søke arbeid eller gjennomføre utdanning».

Arbeids- og velferdsdirektoratet har i høyringsinnspelet sitt uttalt at dei meiner det vil vere uheldig om vurderinga av rett til arbeidsavklaringspengar og vurderinga etter arbeids- og velferdsforvaltningsloven (NAV-loven) § 14 a vert blanda saman. Dette vert mellom anna grunngeve med at ei ny arbeidsevnevurdering vil seie noko om mottakaren sine moglegheiter, mål, kor mykje arbeidsevna er nedsett, og bistandsbehovet på eit bestemt tidspunkt, men ikkje med naudsyn presisere kor nær vedkomande er til å verte i stand til å søkje arbeid. Direktoratet peiker òg på at det vil vere lite gunstig om delar av vurderinga av rett etter ny unntaksføresegn vil vere ei vurdering etter NAV-loven § 14 a, sidan vurderingar etter denne føresegna ikkje er underlagde Trygderettens overprøvningskompetanse.

I denne proposisjonen foreslår departementet difor ei justering av framlegget som vart sendt på høyring, slik at det ikkje vert stilt krav om at vurderinga av rett til unntak baserer seg på ei arbeidsevnevurdering gjort etter NAV-loven § 14 a.

Framlegget som vart sendt på høyring, likestilte etter ordlyden det å vere nær ved å verte sett i stand til å søkje arbeid og å vere nær ved å verte sett i stand til å gjennomføre utdanning. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* skriv i høyringsfråsegna si at regelverket vil verte inkonsistent dersom evna til å studere skal kunne påverke retten til unntak, ettersom det avgjerande etter folketrygdloven § 11-6 er behov for bistand «for å skaffe seg eller beholde arbeid». Vidare uttaler direktoratet at det vil vere vanskeleg å skilje mellom tilfella der ein mottakar har rett til utdanning som ein del av avklaringa, og tilfella der ein mottakar vert sett i stand til å vere i utdanning utan støtte frå Arbeids- og velferdsetaten. Departementet sluttar seg til Arbeids- og velferdsdirektoratets vurderingar på dette punktet, og foreslår difor at det å verte sett i stand til å gjennomføre utdanning ikkje skal vere del av vurderinga for rett etter framlegg

til ny unntaksføresegn. Vi vil samstundes peike på at stønadsmottakarar som deltek på eit opplæringsiltak når den ordinære stønadsperioden går ut, kan få forlengd stønadsperioden sin i inntil to år, jf. folketrygdloven § 11-12 tredje ledd.

Tidsperspektivet for vurderinga

Etter gjeldande unntaksføresegner i § 11-12 andre og tredje ledd kan det gjevast unntak i inntil to år. Vedtak om arbeidsavklaringspengar kan fattast for inntil eitt år av gongen. Dette gjeld òg for dei som får arbeidsavklaringspengar etter unntaksføresegnene. Både varigheitsavgrensinga på inntil to år og tidsavgrensinga på eitt år for det enkelte vedtaket om arbeidsavklaringspengar vert foreslått òg å gjelde for det nye unntaket.

I høyringsnotatet bad Arbeids- og inkluderingsdepartementet om høyringsinstansane si vurdering av kva som vert sett på som ei føremålstenleg innretting av eit nytt framover-skodande arbeidsretta unntakshøve, utan at det i framlegget til ny føresegn vart definert eit tidsperspektiv for vurderinga. *Arbeids- og velferdsdirektoratet, Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)* og *Jussbuss* peiker alle på at det er behov for at det vert gjeve nærare haldepunkt for den tidsmessige delen av unntaksvurderinga.

Vurderinga av om ein stønadsmottakar «alle-rede er i arbeid og anses å være nær ved å kunne øke arbeidsevnen sin, eller anses å være nær ved å bli satt i stand til å skaffe eller gå tilbake i arbeid» skal gjerast med utgangspunkt i situasjonen vedkomande er i ved utlaupet av den ordinære stønadsperioden. I høyringsnotatet foreslo Arbeids- og inkluderingsdepartementet at det skulle setjast opp som ein føresetnad for forlengd stønadsperiode at det vert rekna som sannsynleg at mottakaren om kort tid vil ha ei arbeidsevne som vil vere tilstrekkeleg til i hovudsak å kunne forsørgje seg ved arbeidsinntekt.

Folketrygdloven kapittel 11 om arbeidsavklaringspengar inneheld allereie ei rekkje ulike vurderingar der varigheit er eit element. Det bør takast omsyn til kriteria for desse vurderingane når det no skal definerast eit tidsperspektiv for framlegget til ny unntaksregel.

Omgrepet «langvarig utredning» etter nogjeldande § 11-12 andre ledd bokstav a vert rekna som eitt til to år i samsvar med forarbeid og praksis. Dette tilseier at eit perspektiv på to år, altså tilsvarande den tilgjengelege unntaksperioden, vil vere for langt for det nye unntaket.

Folketrygdloven § 11-23 sjetle ledd regulerer høvet til å få utbetalt arbeidsavklaringspengar ved

arbeid inntil 80 prosent (som hovudregel kjem ikkje arbeidsavklaringspengar til utbetaling ved arbeid over 60 prosent). Føresegna gjeld for stønadsmottakarar som er nær ved å kome i fullt arbeid, i inntil tolv månader. Departementet vurderer at det er nærliggjande å definere eit tilsvarande tidsperspektiv for varigheita av perioden som mottakaren sannsynlegvis treng for å kunne oppfylle vilkåra om å kunne ta del i det ordinære arbeidslivet. Departementet foreslår difor å leggje til grunn eit tidsperspektiv på eitt år for vurderinga av rett til arbeidsavklaringspengar etter framlegg til nytt unntak.

Vurderinga av om ein stønadsmottakar «anses å være nær» å kunne delta i det ordinære arbeidslivet, vil vere ei skjønsmessig vurdering av den framtidige arbeidsevna til den enkelte stønadsmottakaren. Dersom det skulle syne seg at vedkomande innanfor perioden på eitt år ikkje har nådd målet om å kunne arbeide, kan det likevel innvilgast vidare rett til arbeidsavklaringspengar i ein unntaksperiode. Vidare rett til arbeidsavklaringspengar etter unntaksføresegna vil då føresetje at det framleis vert rekna som sannsynleg at mottakaren kan auke arbeidsevna eller yrkesdeltakinga si, og at dette målet er oppnåeleg innan unntaksperioden går ut. Den oppdaterte vurderinga av vilkåra for å innvilge arbeidsavklaringspengar utover tidsperspektivet på eitt år skal altså gjerast etter tilsvarande vilkår som den opphavlege unntaksvurderinga.

Vurdering av kva grupper som vil kunne omfattast av unntaket

Det følgjer av folketrygdloven § 11-5 at det er eit vilkår for rett til arbeidsavklaringspengar at arbeidsevna er nedsett med minst 50 prosent. Når arbeidsavklaringspengane har vorte innvilga, vert ytinga avkorta mot arbeidd tid. Det er mogleg å jobbe inntil 60 prosent utan at ytinga fell bort, jf. folketrygdloven § 11-23 fjerde ledd. Når mottakaren er nær ved å kome i fullt arbeid, kan det i inntil tolv månader gjevast arbeidsavklaringspengar når vedkomande arbeider inntil 80 prosent, jf. folketrygdloven § 11-23 sjetle ledd. Vil-kåra for krav til nedsett arbeidsevne vil vere gjeldande òg ved vurderinga av rett til unntak.

Departementet foreslår ikkje å stille noko nedre krav til mottakaren si arbeidsevne ved utlaupet av treårsperioden for at vedkomande skal kunne få rett til forlengd stønadsperiode etter framlegget til ny unntaksføresegn.

Vidare vert det heller ikkje foreslått å setje noka øvre avgrensing for kor stor grad av arbeids-

evne mottakaren kan ha ved utlaupet av treårsperioden, og samstundes kvalifisere for vidare rett til arbeidsavklaringspengar etter ny unntaksføresegn. Såframt vedkomande oppfyller dei løpande vilkåra for å få ytinga, og dessutan vilkåra som ligg i framlegget til ny unntaksføresegn, kan vidare rett til arbeidsavklaringspengar innvilgast. Framlegget til unntaksregel omfattar difor òg mottakarar som har ei arbeidsevne av eit visst omfang ved utlaupet av den ordinære stønadsperioden, føresett at desse mottakarane framleis er under arbeidsavklaring. Dette inneber òg at personar som har vedtak etter folketrygdloven § 11-23 sjette ledd, og som allereie er vurderte som å vere «nær ved å komme i fullt arbeid», kan kvalifisere for rett til unntak.

Som eit vilkår for rett til unntak vurderer departementet at det må setjast krav til at arbeidsevna kan betrast til eit visst nivå. For å støtte opp under målet om at fleire kan kome i ordinær arbeidsretta aktivitet, vurderer departementet det slik at det må vere ein føresetnad for forlengta stønadsperiode at det vert rekna som sannsynleg at mottakaren i laupet av eitt år kan forbetre arbeidsevna og ha ei arbeidsevne som medfører at arbeidsinntekt kan vere den viktigaste kjelda til livsopphald for mottakaren. Denne føresetnaden vert rekna for å vere til stades dersom det er sannsynleg at stønadsmottakaren vil kunne oppnå ei arbeidsevne på meir enn 50 prosent innan eitt år.

Departementet foreslår med dette at det nye unntaket kan gje rett til stønad utover tre år for personar som er nær ved å verte sett i stand til å skaffe seg eller behalde arbeid tilsvarande minst 50 prosent arbeidsevne, eller som allereie har ei arbeidsevne på minst 50 prosent når unntaksvurderinga vert gjennomført og arbeidsevna kan forbetrast ytterlegare. Dei mottakarane som vert vurderte som å stå lenger unna arbeidsmarknaden, vil som følgje av at karenperioden vert foreslått oppheva, kunne søkje om og få innvilga ein ny stønadsperiode.

Det er ikkje eit krav for rett til det foreslåtte unntaket at mottakaren allereie er delvis i ordinær arbeidsretta aktivitet når dei når slutten av den ordinære delen av stønadsperioden. Mottakarar som har behov for vidare arbeidsretta oppfølging og/eller behandling ved utlaupet av ordinær stønadsperiode, kan ha rett til framleis yting etter den nye unntaksheimelen, sjølv om mottakaren ikkje er i stand til å gjennomføre ordinær arbeidsretta aktivitet på tidspunktet som den ordinære stønadsperioden går ut. Såframt det vert vurdert slik at mottakaren etter ytterlegare tid med arbeidsavklaring sannsynlegvis vil kunne auke

arbeidsevna til minst 50 prosent innan eitt år, kan personen kvalifisere for å få arbeidsavklaringspengar etter ny unntaksføresegn.

Arbeids- og velferdsdirektoratet stiller i høyringsfråsegna si spørsmål ved om ein mottakar som ved utlaupet av treårsperioden jobbar mellom 50 og 60 prosent og er nærare gradert uføretrygd enn meir jobb, kan oppfylle vilkåra for unntak.

Den gruppa direktoratet peiker på, vil ikkje fylle vilkåret om nedsett arbeidsevne med minst 50 prosent for å kunne få rett til ein heilt ny stønadsperiode, føresett at det allereie har synt seg mogleg for dei å jobbe meir enn 50 prosent. Samstundes har personane framleis behov for bistand til å få avklart arbeidsevna si. Framleis avklaring med arbeidsavklaringspengar som livsopphaldsyting kan føre til at desse personane kan oppnå ei høgare arbeidsevne, enn om arbeidsavklaringa vart avslutta ved utlaupet av ordinær stønadsperiode. Ved at denne gruppa vert omfatta av nytt unntak, unngår ein at det oppstår insentiv til ikkje å prøve ut arbeidsevna når treårsperioden nærmar seg slutten, i frykt for at dette skal få negative konsekvensar for moglegheita for framleis rett til arbeidsavklaringspengar ved ein eventuell ny søknad. **D e p a r t e m e n t e t** vurderer det slik at òg ein mottakar som jobbar meir enn 50 prosent når treårsperioden er slutt, kan få arbeidsavklaringspengar etter framlegg til ny unntaksregel. Dette gjeld òg i situasjonar der utfallet av arbeidsavklaringa med stort sannsyn kan verte at vedkomande vert rekna for å ha delvis varig nedsett arbeidsevne, og dermed kan ha rett til gradert uføretrygd.

Ei slik innretting av unntaksføresegna vil innebære eit mindre strengt krav om sannsynleg betring i arbeidsevna for denne spesielle gruppa av mottakarar. Samstundes vil det støtte opp under føremålet om å leggje til rette for auka overgang til arbeid, og at mottakarar av arbeidsavklaringspengar skal kunne vinne tilbake og utnytte si potensielle arbeidsevne så mykje som mogleg. Dette vil òg kunne bidra til å skape mindre press på ny rett til arbeidsavklaringspengar, ved at det heller vert innvilga arbeidsavklaringspengar i unntaksperiode til dei av mottakarane som vert rekna for å fylle vilkåra for dette. Dette vil igjen sikre kontinuitet i avklaringa til mottakarane og bidra til å unngå lengre stønadsperiodar enn naudsynt.

Departementet sitt framlegg

I tråd med vurderingane over foreslår departementet at det vert innført ein ny unntaksregel i folketrygdloven § 11-12. Det vert foreslått at stø-

nadsperioden kan forlengjast i inntil to år dersom mottakaren allereie er i delvis arbeid og vert rekna for å vere nær ved å kunne auke arbeids-evna si. Det vert òg foreslått at stønadsperioden kan forlengjast i inntil to år dersom mottakaren vert rekna for å vere nær ved å verte sett i stand til å skaffe eller gå til tilbake i arbeid. For desse tilfella er det eit vilkår for forlenging at mottakaren har eller kan oppnå ei arbeidsevne på meir enn 50 prosent.

Det vert presisert at mottakarar som allereie har fått arbeidsavklaringspengar i ein full unntaksperiode på to år etter gjeldande regelverk, ikkje i tillegg kan ha rett på ein ny unntaksperiode etter framlegget til ny unntaksføresegn. Denne gruppa av mottakarar vil som følgje av framlegget likevel kunne setje fram søknad om ny rett til arbeidsavklaringspengar.

Departementet har vurdert om framlegget om ny unntaksmoglegheit vil få EØS-rettslege konsekvensar eller konsekvensar etter annan internasjonal rett. Framlegget om ny unntaksmoglegheit er ei endring av dei nasjonale kvalifikasjonsreglane for rett til arbeidsavklaringspengar, og framlegget inneber inga forskjellsbehandling av norske borgarar og andre EØS-borgarar. Departementet vil samstundes peike på at framlegget om ny unntaksmoglegheit inneber ei forlenging av ein eksisterande stønadsperiode. Det å få innvilga unntak vil difor ikkje påverke vurderinga av når Noreg sluttar å vere lovvalsstat i ei konkret sak. Det vert synt til nærare omtale av lovvalsreglane i Prop. 71 L (2021–2022) i merknaden til folketrygdloven ny § 11-1 a, og dessutan omtalen under punkt 11.3.4 i proposisjonen her.

Det vert synt til framlegget til endringar i folketrygdloven § 11-12 andre ledd.

11.4.5.2 Forholdet til gjeldande § 11-12 andre og tredje ledd

Vilkårsvurderingane som i dag vert gjorde etter folketrygdloven § 11-12 andre ledd, er kompliserte og ressurskrevjande for Arbeids- og velferdsetaten å praktisere. Dette kjem av at det må innhentast dokumentasjon på at mottakaren som følgje av helsesituasjonen har opplevd nærare spesifiserte hindringar tidlegare i stønadsperioden som medfører at vedkomande har brukt lengre tid enn andre på å få avklart arbeidsevna si. Tilsvarende gjeld for det nye unntaket i § 11-12 andre ledd bokstav a om forlengd stønadsperiode til mottakarar som fyrst etter lang ventetid på behandling i helsevesenet har byrja med føremålstenleg medisinsk behandling og/eller

arbeidsretta tiltak, som tek til å gjelde 1. juli 2022. Ved innføring av ei ny framoverskodande unntaksføresegn vil folketrygdloven § 11-12 innehalde fire ulike heimlar som alle regulerer rett til å få arbeidsavklaringspengar utover tre år.

Å innføre ein ny unntaksheimel utan at nokon av dei gjeldande unntaksheimlane vert avvikla, vil føre til at regelverket samla sett vert svært komplisert og ressurskrevjande for etaten å handtere. I tillegg vil det gje mottakarane av arbeidsavklaringspengar mindre førehandsvisse og gjere regelverket meir utfordrande å praktisere rett. Med dei endringane som vert foreslått i proposisjonen her, vil dei som er på veg mot ei avklaring av arbeidsevna og på veg tilbake i arbeid, kunne få unntak frå maksimal varigheit på to år. Dei som treng meir tid for å avklare arbeidsevna og står lenger unna arbeidsmarknaden, kan få rett til ein ny stønadsperiode på inntil tre år. Det samla framlegget vil difor ikkje medføre svekte rettar. Framlegget til konkret utforming av det nye framoverskodande unntaket frå varigheitsavgrensinga i folketrygdloven § 11-12 andre ledd og avviking av karenperioden i folketrygdloven § 11-31 vil føre til at dagens unntaksføresegner i folketrygdloven § 11-12 andre ledd vil få lita sjølvstendig betydning.

Omsynet til eit oversiktleg regelverk og mest mogleg einskapleg praksis, samstundes som at dei som i dag ville fylt vilkåra for dei eksisterande unntaka i staden vil vere omfatta av dei andre endringsframlegga, talar for å avvike dei eksisterande unntaka i gjeldande § 11-12 andre ledd for nye unntakstilfelle.

Departementet foreslår etter ei samla vurdering å avvike dei gjeldande unntaksføresegnene i § 11-12 andre ledd. Dette medfører òg at departementet foreslår at nytt unntak for forlenging av stønadsperioden ved ventetid på behandling likevel ikkje vert innført frå 1. juli 2022, dvs. å oppheve endringa av føresegna i lov 17. desember 2021 nr. 146 om endringar i folketrygdloven og enkelte andre lover (samleproposisjonen).

Unntaka i gjeldande § 11-12 andre ledd er grunnjevne i å gje ein lengre stønadsperiode for mottakarar som på grunn av helsesituasjonen har opplevd hindringar i stønadsperioden som medfører at vedkomande har brukt lengre tid enn andre på å få avklart arbeidsevna si. Det vil vere lite føremålstenleg å avbryte eit pågåande avklaringsløp og samstundes skape uvisse for livsopp-haldet. Det er viktig at dei som allereie er i gang med avklaring får fullføre.

For å sikre kontinuitet og føreseielegheit for stønadmottakarar som på iverksetjingstidspunktet for lovendringane får arbeidsavklaringspengar

etter dei eksisterande unntaka, foreslår departementet ei overgangsordning, slik at desse kan få arbeidsavklaringspengar etter dei gjeldande unntaksreglane ut unntaksperioden på inntil to år. Heimel for Arbeids- og inkluderingsdepartementet til å gje forskriftsføresegn om ei slik overgangsordning vert foreslått teke inn i folketrygdloven § 11-12 nytt femte ledd. Avvikling av dei gjeldande unntaksføresegnene vil difor gjelde for personar som får arbeidsavklaringspengar i den ordinære stønadperioden på inntil tre år (jf. folketrygdloven § 11-12 fyrste ledd). Det vil òg gjelde for personar som får innvilga arbeidsavklaringspengar for fyrste gong eller ein ny ordinær periode etter at lovendingane tek til å gjelde. Personar som får arbeidsavklaringspengar etter gjeldande unntaksreglar, kan få ytinga vidare på uendra vilkår ut unntaksperioden på inntil to år.

Mottakarar som deltek på opplæringstiltak når ordinær stønadperiode går ut, har rett til å få arbeidsavklaringspengar utover ordinær stønadperiode etter folketrygdloven § 11-12 tredje ledd. Unntaket er framoverskodande, og det er heller ikkje eit vilkår om at sjukdom, skade eller lyte er hovudårsaka til at stønadsmottakaren si arbeidsevne ikkje er avklart mot arbeid eller trygd, slik det er for dei gjeldande unntaka i § 11-12 andre ledd. Unntaket etter tredje ledd er grunngeve med å motverke avbrot i opplæringa, ettersom utdanning er eit tiltak som har dokumentert verknad på overgang til arbeid. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* foreslår i høyringsfråsegna si at Arbeids- og inkluderingsdepartementet bør vurdere om tredje ledd òg bør utvidast til å omfatte dei som har fått skuleplass, men ikkje har rokke å starte i utdanninga før utlaupet av den ordinære treårsperioden. Ei eventuell utviding av gruppa som kan omfattast av § 11-12 tredje ledd var likevel ikkje del av framlegget som vart sendt på høyring, og vert difor ikkje følgt opp nærare i denne proposisjonen. D e p a r t e m e n t e t foreslår å føre vidare unntaket i § 11-12 tredje ledd.

Det vert synt til lovframlegget, folketrygdloven § 11-12 andre ledd og endringslov 17. desember 2021 nr. 146 del V § 11-12 og del VI nr. 3.

11.4.5.3 Forholdet mellom vurderinga av rett til unntak og ny rett

Med dei foreslåtte endringane i unntakshøvet og avvikling av karenperioden vil sannsynlegvis enkelte mottakarar etter utlaupet av ordinær stønadperiode kunne fylle både vilkåra for det nye framoverskodande unntaket og vilkåra for rett til ny stønadperiode.

Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner det er naudsynt å avklare om ein person kan innvilgast ein ny stønadperiode etter folketrygdloven § 11-12 fyrste ledd dersom vedkomande er vurdert å oppfylle vilkåra for forlenging etter unntaksregelen. Ifølgje direktoratet kan dette vere personar som er engstelege for å få avslag på rett til unntak frå varigheitsavgrensinga, og difor søker om ein ny periode parallelt. Det kan òg tenkjast at det er personar som heller vil ynskje ein ny stønadperiode framfor unntak frå varigheitsavgrensinga. Direktoratet meiner at det vil vere mange som vil oppfylle vilkåra både for unntak og ny stønadsrett med utgangspunkt i framlegga i høyringsnotatet, og meiner det er viktig at dette forholdet vert regulert. Direktoratet peiker på at ein klår og tydeleg heimel er viktig for at kvar enkelt mottakar skal forstå rettane sine, og for at Arbeids- og velferdsetaten skal kunne praktisere lovverket i samsvar med intensjonen. Direktoratet syner til at føremålet med det nye framoverskodande unntaket skal vere å gje litt meir tid til dei som er nær ved å verte sett i stand til å skaffe seg eller behalde arbeid, og å unngå at mottakarar har lengre stønadsperiodar enn naudsynt. Dei meiner at denne gruppa bør nytte høvet til unntak først.

AAP-aksjonen meiner at det er ei klår utfordring for Arbeids- og velferdsetaten korleis rettleiingar som ikkje har helsefagleg bakgrunn skal kunne klare å vurdere kva mottakarar av arbeidsavklaringspengar som skal søkje nytt stønadsløp, kontra dei som skal ha vidare arbeidsavklaringspengar etter ny unntaksregel. *Norges Blindeforbund* peiker på at det er «gråsoner» eller ei uklår grenseoppgang mellom gruppa og enkeltpersonar som mistar arbeidsavklaringspengar etter tre år, og gruppa som får forlengd rett til stønad.

Departementet ser behov for å presisere forholdet mellom vurderinga av rett til ein ny stønadperiode og vurderinga av rett til nytt unntak. Departementet understrekar difor at retten til unntak alltid skal vurderast etter utlaupet av ordinær stønadperiode, både etter gjeldande rett og dersom framlegget til ny framoverskodande unntaksføresegn vert vedteke. Arbeids- og velferdsetaten skal, som i dag, på eige initiativ vurdere retten mottakaren har til å få arbeidsavklaringspengar i unntaksperioden. Dersom mottakaren skal innvilgast ny rett til arbeidsavklaringspengar, krev dette at personen sjølv set fram søknad.

Kva situasjonar som krev at stønadsmottakaren må setje fram ein ny søknad om arbeidsavklaringspengar i dag, vert regulert av folke-

trygdloven § 11-31 andre ledd. Det kjem fram av andre ledd at dersom retten til arbeidsavklaringspengar har vore stansa eller opphøyrd i meir enn 52 veker, må det setjast fram eit nytt krav om arbeidsavklaringspengar. Ved vurdering av retten til ein ny stønadperiode, vil inngangsvilkåret i folketrygdloven § 11-5 om kravet til minst 50 prosent nedsett arbeidsevne måtte vurderast.

Dersom ein stønadsmottakar ikkje hadde fått arbeidsavklaringspengar ut maksimal stønadperiode då retten til arbeidsavklaringspengar vart stansa eller opphøyrd, skulle vedkomande halde fram i den opphavlege stønadperioden, jf. forskrift om arbeidsavklaringspengar § 12. Når nokon trer inn igjen i tidlegare stønadperiode, vert det ikkje stilt vilkår om at arbeidsevna må vere nedsett med minst 50 prosent på det nye søknadstidspunktet. I staden vert det stilt eit krav til graden av nedsett arbeidsevne som er tilsvarende dei løpande vilkåra til nedsett arbeidsevne.

Gjeldande § 12 i forskrift om arbeidsavklaringspengar regulerer berre det å tre inn igjen i resterande stønadperiode etter folketrygdloven § 11-12 fyrste ledd, som er den ordinære delen av stønadperioden. Forskriftsføresegna tredde i kraft samstundes som føresegna om karenperiode i § 11-31 òg tredde i kraft. Etter gjeldande rett må ein avvikle karenperiode på 52 veker etter å ha fått arbeidsavklaringspengar i ein full ordinær stønadperiode (eller utover dette). Det vil difor ikkje vere aktuelt å tre inn igjen i same sak innanfor desse 52 vekene. Såframt det vert vedteke at karenføresegna opphøyrer, vil Arbeids- og inkluderingsdepartementet fastsette ei endra forskriftsføresegn som regulerer at personar skal tre inn igjen i tidlegare stønadperiode òg dersom den tidlegare stønadperioden vart stansa eller opphøyrd medan vedkomande fekk arbeidsavklaringspengar etter § 11-12 andre eller tredje ledd.

Mottakarar kan ikkje velje mellom ein ny stønadperiode og vidare rett til arbeidsavklaringspengar i ein unntaksperiode. Retten til unntak må nyttast dersom ein fyller vilkåra for dette. Dersom mottakaren seier frå seg retten til å få arbeidsavklaringspengar etter unntaksføresegna, vil retten til ytinga verte stansa. Rett til ein ny stønadperiode vil fyrst liggje føre når retten til arbeidsavklaringspengar har vore stansa eller opphøyrd i minst 52 veker. Innan 52 veker vil stønadsmottakaren måtte tre inn i tidlegare sak og difor på nytt vurderast for unntak.

For å gjere det tydeleg at mottakarar av arbeidsavklaringspengar fyrst skal få stønad etter unntaksreglane (dersom dei fyller vilkåra for

dette), før retten til ein ny stønadperiode skal vurderast, vil difor Arbeids- og inkluderingsdepartementet forskriftsfeste dette med heimel i folketrygdloven § 11-31. Dette vert gjort for at kvar enkelt mottakar skal forstå rettane sine, og for at etaten skal praktisere regelverket i samsvar med intensjonen.

Denne løysinga vil støtte opp under innrettinga av ordninga med arbeidsavklaringspengar, slik ho no vert foreslått med oppheving av føresegna om karenperiode og innføring av eit nytt unntak. Det nye unntaket vil gje rett til stønad utover tre år til personar som allereie er i arbeid og vert rekna for å vere nær ved å kunne auke arbeidsevna si, eller som vert rekna for å vere nær ved å verte sett i stand til å skaffe seg eller behalde arbeid. Dette vil òg kunne bidra til å unngå at mottakarar har lengre stønadperiodar enn naudsynt. Dei mottakarane som ved utløpet av ordinær stønadperiode står lenger unna arbeidsmarknaden, vil som følge av at karenperioden vert foreslått oppheva, kunne få innvilga ein ny stønadperiode.

11.5 Overgangsordning

11.5.1 Innleiing

Uvanleg mange har ein stønadperiode med arbeidsavklaringspengar med sluttdato 30. juni 2022. Dette er ei følge av fleire rundar med forlengingar etter mellombels forskrift 20. mars 2020 nr. 368 om unntak frå folketrygdloven og arbeidsmiljøloven i samband med covid-19-pandemien. Stortinget har vedteke å forlengje retten til arbeidsavklaringspengar til og med 30. juni 2022 for mottakarar av arbeidsavklaringspengar etter folketrygdloven § 11-12 som går ut maksimal stønadperiode frå og med 31. desember 2021 til og med 29. juni 2022.

Det er sannsynleg at det er ein del av denne gruppa som ikkje vil få avklart arbeidsevna si innan 30. juni 2022, og som må få vurdert ein eventuell rett til arbeidsavklaringspengar etter det nye regelverket. Denne vurderinga vil ikkje vere mogleg å gjere før nytt regelverk tek til å gjelde. Utan ei overgangsordning vil mange i denne gruppa stå utan yting ein periode, sjølv om dei kan fyller vilkåra for rett til arbeidsavklaringspengar etter det nye regelverket.

11.5.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det foreslått å etablere ei overgangsordning til 30. september 2022 for å

sikre at mottakarar av arbeidsavklaringspengar som har ein stønadsperiode som går ut 30. juni 2022, ikkje vert ståande utan yting inntil vidare rett til arbeidsavklaringspengar har vorte vurdert. Grunngevinga for framlegget var å sikre føreseielegheit for mottakarane og samstundes gje Arbeids- og velferdsetaten tilstrekkeleg tid til å vurdere vidare rett til arbeidsavklaringspengar for alle som har ein stønadsperiode som går ut 30. juni 2022, og som på dette tidspunktet framleis har ei uavklart arbeidsevne.

11.5.3 Høyringsfråsegnene

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om framlegget til overgangsordning, *Akademikerne, Arbeids- og velferdsdirektoratet, FØL Norge, Jussbuss, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL), Landsorganisasjonen (LO), Norsk Ergoterapeutforbund, Norsk Sykepleierforbund, Norsk Tjenestemannslag (NTL), Statens helsetilsyn, Rettspolitisk forening, Rådet for psykisk helse, Unge Funksjonshemmede og UNIO*, er positive til at det vert etablert ei slik ordning. *Arbeids- og velferdsdirektoratet* meiner at det er svært uheldig at implementering av nytt regelverk startar i felleferien når Arbeids- og velferdsetaten har meir avgrensa ressursar enn elles. Dei uttaler vidare at etaten har hatt stor arbeidsbelastning over tid på grunn av pandemien og handtering av fleire store oppgåver, som til dømes oppfølging etter EØS-saka. *Direktoratet* meiner at ein overgangsperiode på tre månader gjev etaten for kort tid til å sikre at alle får vurdert vidare rett til arbeidsavklaringspengar når regelverket vert klart kort tid i førevegen. *Direktoratet* ber Arbeids- og inkluderingsdepartementet vurdere å forlengje overgangsordninga til 31. desember 2022, og i alle fall som eit minimum til 31. oktober 2022. òg *LO* meiner at tidspunktet bør setjast til utgangen av desember og ikkje 30. september 2022, noko dei meiner vil vere meir realistisk for å oppnå avklaring for mange. *NTL* meiner at overgangsordninga bør vare til årsskiftet. *Rådet for psykisk helse* føreset at Arbeids- og velferdsetaten har tilstrekkeleg tid, kapasitet og ressursar for å få behandla alle desse søknadene i tide. Dei meiner vidare at det er svært viktig at vi har eit system som sørgjer for at folk har føreseieleg inntekts-sikring inntil dei er ferdig avklarte. *Statens helse-tilsyn* meiner at framlegget om overgangsordning kan føre til at færre må søkje om økonomisk stønad i påvente av ny vurdering om arbeidsavklaringspengar.

11.5.4 Departementet si vurdering og framlegg

Departementet er opptekne av at dei som har ein stønadsperiode med sluttdato 30. juni 2022 og ikkje får avklart arbeidsevna si innan utlaupet av perioden, ikkje vert ståande utan yting før ein eventuell rett til arbeidsavklaringspengar etter det nye regelverket har vorte vurdert. Grunngevinga for framlegget om overgangsordning i høyringsnotatet var å sikre føreseielegheit for mottakarane og samstundes gje Arbeids- og velferdsetaten tilstrekkeleg tid til å vurdere eventuell rett til arbeidsavklaringspengar for alle som har ein stønadsperiode som går ut 30. juni 2022, og som på dette tidspunktet framleis har ei uavklart arbeidsevne. Overgangsordninga bør vere lang nok til at etaten får tilstrekkeleg tid, men det er òg ei målsetjing at overgangsordninga ikkje er lengre enn naudsynt.

På bakgrunn av Arbeids- og velferdsdirektoratets høyringsinnspel vert det foreslått ein overgangsperiode på fire månader, slik at Arbeids- og velferdsetaten får betre tid til å vurdere eventuell rett til arbeidsavklaringspengar for mottakarar som har ein stønadsperiode som går ut 30. juni 2022. Dette vil sikre at desse mottakarane ikkje vert ståande utan yting inntil eventuell rett til arbeidsavklaringspengar etter nytt regelverk har vorte vurdert. Departementet presiserer at Arbeids- og velferdsetaten på eige initiativ fyrst skal vurdere mottakaren sin rett til å få arbeidsavklaringspengar i unntaksperioden, og at ein eventuell søknad om ny rett krev at personen sjølv set fram søknad om dette. Forholdet mellom vurderinga av rett til unntak etter § 11-12 andre og tredje ledd og ny rett etter § 11-12 fyrste ledd er omtala i punkt 11.4.5.3.

Departementet foreslår ei overgangsordning for perioden 1. juli til 31. oktober 2022 for mottakarar som har ein stønadsperiode som går ut i perioden frå og med 30. juni til og med 30. oktober 2022.

Det vert synt til lovframlegget, folketrygdloven ny § 11-12 a.

11.6 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringane i folketrygdloven §§ 11-12 og 11-31 tek til å gjelde 1. juli 2022.

Verknaden på stønadsbudsjettet av framlegga til endringar vil avhenge av både eventuelle

åtferdsendringar hos mottakarane og eventuelle praksisendringar hos Arbeids- og velferdsetaten. Det lèt seg difor ikkje gjere å talfeste dei budsjettmessige konsekvensane i forkant av iverksetjinga. Dette gjeld òg for dei administrative konsekvensane av endringane.

Det er likevel utarbeidd eit reknedøme som kan illustrere moglege budsjettmessige konsekvensar av endringane. Reknedømet er basert på ei rekkje valde føresetnader om mottakarane. Det ligg ikkje føre sikkert statistisk grunnlag for å vurdere kor riktige desse føresetnadene er. Det heftar difor betydeleg uvisse ved dei. Nokre av dei mest sentrale føresetnadene bak reknedømet for budsjettmessige verknader følgjer nedanfor.

For avviklinga av karensgeloen er det lagt til grunn at alle som i dag har behov for lengre periode på arbeidsavklaringspengar ved avgang, kjem tilbake på ytinga etter karensåret, og at dei fullfører det laupet med arbeidsavklaringspengar dei ville hatt dersom dei hadde fått lov til å halde fram på ytinga omgåande, slik det vil verte ved ei avvikling av karenstiden. Det er lagt til grunn eit denne perioden varer eitt år. Desse føresetnadene inneber at verknaden på stønadsbudsjettet av å avvikle karenstiden vil vere mellombels.

For endringa i unntaksføresegnene er det lagt til grunn ein auke i talet på mottakarar på unntak tilsvarende om lag 20 prosent av dei som når ordinar maksimal stønadstid i laupet av eit år. Det er vidare lagt til grunn ei gjennomsnittleg forlengd varigheit for desse på eitt år.

For overgangsordninga er det lagt til grunn eit svært usikkert overslag over kor mange som vil gå sin maksimale stønadsperiode til 30. juni heilt ut, og som heller ikkje ville fått unntak etter dagens unntaksføresegnar. Det er vidare lagt til grunn at dei som likevel går ut av overgangsordninga før 31. oktober (opphøyr av overgangsordninga), vert vegne opp av talet på dei som vil nå si maksimale stønadstid i perioden 1. juli til 31. oktober, og som difor òg vil omfattast av overgangsordninga.

Med utgangspunkt i desse svært usikre føresetnadene syner reknedømet ein mogleg budsjettmessig verknad i 2022 på om lag 675 mill. kroner, med ein heilårsverknad i 2025 på om lag 560 mill. kroner. Den budsjettmessige verknaden i 2022 kjem i hovudsak av overgangsordninga. Heilårsverknaden i 2025 kjem av auka tal på mottakarar på unntak.

Andre føresetnader vil gje andre resultat i reknedømet. Dersom det til dømes i staden vert lagt til grunn at det berre er 50 prosent av alle som går ut av arbeidsavklaringspengar i dag med

eit behov for lengre periode på ytinga, som kjem tilbake etter karensåret, aukar den budsjettmessige heilårsverknaden i 2025 frå om lag 560 mill. kroner til om lag 690 mill. kroner. Dersom føresetnadene om gjennomsnittleg varigheit på nytt unntak vert auka frå 1 til 1,5 år, aukar heilårsverknaden i 2025 frå om lag 560 mill. kroner til om lag 840 mill. kroner.

Med utgangspunkt i dei forenkla føresetnadene ovanfor vil oppheving av karensgeloen innebere at ein overgang til arbeid og til uføretrygd vil skje raskare for mottakarar som elles ville vere omfatta av ein karenstid før dei kjem tilbake på arbeidsavklaringspengar, og at behovet for sosialhjelp kan verte noko redusert. Samstundes kan det vere grunn til å tru at endringa i unntaksføresegnar inneber at overgangen til arbeid for andre mottakarar vil skje noko seinare, men at dette samstundes kan innebere auka arbeidsdeltaking i form av høgare stillingsdelar og forbetra moglegheit for å kunne stå i arbeid over tid. Ò overgang til uføretrygd for denne gruppa vil skje noko seinare, men kan samstundes innebere at fleire vil kunne ha noko/meir arbeid i tillegg til uføretrygd. Ut frå føresetnadene er det òg sannsynleg at behovet for økonomisk sosialhjelp vil gå ned.

Det er òg vurdert moglege administrative konsekvensar for Arbeids- og velferdsetaten med utgangspunkt i føresetnadene som er lagde til grunn i reknedømet ovanfor. Med desse føresetnadene syner dette ein meirkostnad på om lag 27 mill. kroner i 2022, med ein heilårsverknad i 2025 på om lag 13 mill. kroner. Meirkostnaden er i hovudsak knytt til behov for opplæring i endra regelverk og praktiseringa av dette, og til auka kostnader til arbeidsretta oppfølging som følgje av at talet på mottakarar aukar. Det reknast med at det ikkje vert vesentlege meirkostnader i samband med søknads- og klagesaksbehandling samla sett, og låge kostnader (1 mill. kroner) til tilpassingar i IT-systema.

11.7 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovframlegget

Merknader til endringane i folketrygdloven

Innleiinga til kapittel 11 vert endra, slik at det i femte strekpunkt òg vert synt til § 11-12 a, og slik at det ikkje lenger vert synt til føresegn om karenstid i trettande strekpunkt i oversikta over føresegnar i kapitlet.

Til § 11-12

Det vert foreslått å ta inn ei ny føresegn i § 11-12 *andre ledd* om at stønadspanen for arbeidsavklaringspengar kan forlengjast i inntil to år. Det foreslåtte nye unntakshøvet gjeld for medlemmar som allereie er i arbeid og vert rekna for å vere nær ved å kunne auke arbeidsevna si, eller som vert rekna for å vere nær ved å verte sette i stand til å skaffe eller gå tilbake i arbeid. Det er eit vilkår for unntak at medlemmen har eller kan oppnå ei arbeidsevne på meir enn 50 prosent. Det vert synt til dei generelle merknadene i punkt 11.4.5.1.

Føresegna i gjeldande *andre ledd* regulerer retten til å innvilge arbeidsavklaringspengar i inntil to år utover ordinær stønadspanen. Føresegna gjeld dersom medlemmen som følgje av helsesituasjonen har opplevd nærare spesifiserte hindringar tidlegare i stønadsløpet som medfører at vedkomande har brukt lengre tid enn *andre* på å få avklart arbeidsevna si. Denne føresegna er ikkje lenger naudsynt når det nye unntaket vert innført, jf. over. Føresegna vert difor foreslått teken ut. Det vert synt til dei generelle merknadene i punkt 11.5.2.

I framlegget til *nytt femte ledd* får Arbeids- og inkluderingsdepartementet heimel til å gje forskrift med føresegner for medlemmar som før 1. juli 2022 har fått arbeidsavklaringspengar utover den ordinære stønadspanen på tre år, slik at desse kan få arbeidsavklaringspengar på uendra vilkår etter gjeldande § 11-12 *andre ledd* ut unntaksperioden på inntil to år. Det vert synt til dei generelle merknadene i punkt 11.5.2.

Til ny § 11-12 a

Føresegna er ny og inneheld ein regel om overgangsordning som skal gjelde i perioden 1. juli til 31. oktober 2022. Ordninga skal gjelde for motakarar som har ein stønadspanen etter folketrygdloven § 11-12 fyrste, *andre* eller tredje ledd som går ut i perioden frå og med 30. juni til og med 30. oktober 2022. Det vert synt til dei generelle merknadene i punkt 11.5.

Til § 11-31

Det vert foreslått å oppheve § 11-31 *fyrste ledd*, som fastset ein karenspanen på 52 veker før ein medlem som har fått arbeidsavklaringspengar ut

maksimal stønadspanen får ny rett til arbeidsavklaringspengar. Noverande *andre til fjerde ledd* vert etter framlegget fyrste til tredje ledd. Det vert elles synt til dei generelle merknadene i punkt 11.3.4. På bakgrunn av dette vert òg overskrifta i § 11-31 foreslått endra, slik at karenspanen ikkje lenger vert nemnd der.

Lov 17. desember 2021 nr. 146 om endringar i folketrygdloven og enkelte *andre* lover (samleproposisjon hausten 2021)*Til del V*

I lov 17. desember 2021 nr. 146 om endringar i folketrygdloven og enkelte *andre* lover vart folketrygdloven § 11-12 *andre ledd* bokstav a vedteken endra. Etter føresegna kan det gjevast arbeidsavklaringspengar i inntil to år utover ordinær stønadspanen dersom medlemmen ikkje har fått avklart arbeidsevna si mot arbeid eller uføretrygd, hovudårsaka til dette er sjukdom, skade eller lyte, og medlemmen fyrst etter langvarig utgreiing, lang ventetid på behandling eller ein kombinasjon av desse, har byrja med medisinsk behandling eller arbeidsretta tiltak. Med det foreslåtte nye unntaket er dette unntaket ikkje lenger naudsynt, jf. merknaden til folketrygdloven § 11-12 der folketrygdloven § 11-12 *andre ledd* vert foreslått endra og noverande unntaksføresegner tekne ut.

Det vert difor foreslått at føresegna, som endrar folketrygdloven § 11-12 *andre ledd* bokstav a, vert oppheva. Det vert synt til dei generelle merknadene i punkt 11.5.2.

Til del VI

Som følgje av at det vert foreslått å oppheve endringa av folketrygdloven § 11-12 *andre ledd*, vert det òg foreslått å endre ikraftsetjingsreglane i endringslova slik at ikraftsetjinga av endringa i § 11-12 *andre ledd* bokstav a i del VI nr. 3 vert teken ut. Det vert synt til dei generelle merknadene i punkt 11.5.2.

Til føresegna om ikraftsetjing av lover

Det vert foreslått at endringane i folketrygdloven skal tre i kraft 1. juli 2022, medan endringane i lov 17. desember 2021 nr. 146 om endringar i folketrygdloven og enkelte *andre* lover skal tre i kraft straks.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endring i skatteloven
- lov om endring i skattebetalingsloven
- lov om endring i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i tollavgiftsloven

og

- vedtak om endring i stortingsvedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2022 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i stortingsvedtak om avgifter på motorvogner mv. A. Engangsavgift
- vedtak om endring i stortingsvedtak om toll for 2022

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endring i skatteloven
- lov om endring i skattebetalingsloven
- lov om endring i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i tollavgiftsloven

og

- vedtak om endring i stortingsvedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2022 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i stortingsvedtak om avgifter på motorvogner mv. A. Engangsavgift
- vedtak om endring i stortingsvedtak om toll for 2022

i samsvar med eit vedlagt forslag.

A – Forslag til lovvedtak

Forslag til lov om endring i folketrygdloven

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd vert det gjort følgjande endringar:

I kapittel 11 innleiinga skal femte strekpunkt lyde:

- varighet står i §§ 11-12 og 11-12 a

I kapittel 11 innleiinga skal trettande strekpunkt lyde:

- *nytt* krav om arbeidsavklaringspenger står i § 11-31

§ 11-12 andre ledd skal lyde:

Stønadsperioden kan forlenges i inntil to år dersom *medlemmet allerede er i arbeid og anses å være nær ved å kunne øke arbeidsevnen sin, eller anses å være nær ved å bli satt i stand til å skaffe eller gå tilbake i arbeid. Det er et vilkår at medlemmet har eller kan oppnå en arbeidsevne på mer enn 50 prosent.*

§ 11-12 nytt femte ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om særlige bestemmelser for medlemmer som før 1. juli 2022 har fått arbeidsavklaringspenger utover den ordinære stønadsperioden på tre år, slik at disse på uendrede vilkår kan motta videre arbeidsavklaringspenger i en unntaksperiode på inntil to år.

Ny § 11-12 a skal lyde:

§ 11-12 a *Overgangsordning for mottakere som har en stønadsperiode som utløper i perioden fra og med 30. juni til og med 30. oktober 2022*

Når et medlem mottar arbeidsavklaringspenger etter § 11-12 første, andre eller tredje ledd, og den maksimale stønadsperioden utløper i perioden fra og med 30. juni 2022 til og med

30. oktober 2022, forlenges stønadsperioden til og med 31. oktober 2022.

§ 11-31 overskrifta skal lyde:

Nytt krav om arbeidsavklaringspenger

§ 11-31 fyrste ledd vert oppheva. Noverande andre til fjerde ledd vert fyrste til tredje ledd.

II

I lov 17. desember 2021 nr. 146 om endringar i folketrygdloven og enkelte andre lover vert det gjort følgjande endringar:

Endringa i folketrygdloven § 11-12 andre ledd bokstav a under del V vert oppheva.

Del VI nr. 3 skal lyde:

3. Endringene i *folketrygdloven § 12-15* under del V trer i kraft 1. juli 2022.

III

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd vert det gjort følgjande endring:

§ 23-3 femte ledd vert oppheva.

Noverande sjette og sjuande ledd vert femte og sjette ledd

IV

Endringane under I tek til å gjelde 1. juli 2022.

Endringane under II tek til å gjelde straks.

Endringa under III tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endring i skatteloven

I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 5-15 fyrste ledd bokstav q innleiinga skal lyde:

q. arbeidsgivers dekning av følgjande merkostnader for skattyter som av hensyn til arbeidet *har opphold utenfor hjemmet*:

§ 6-70 fyrste ledd andre punktum skal lyde:

Har personen *utelukkende* skatteplikt etter § 2-3 første ledd h, skal han ha standardfradrag uansett hvor lenge denne skatteplikten består.

§ 15-5 fjerde ledd skal lyde:

(4) Ved beregningen av skatter får reglene om personfradrag tilsvarende anvendelse for fradrag etter denne paragraf, jf. likevel skattebetalingsloven § 8-2 *annet* ledd.

II

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 5-31 bokstav a skal lyde:

a. tilskudd til investeringer i faste anlegg og tilhørende produksjonsutstyr innenfor rammen av forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket av 19. desember 2014 nr. 1816, innenfor det geografiske området som omfattes av § 3 i forskrift 14. desember 2021 nr. 3661, og distriktsrettet investeringsstøtte etter samme forskrift, jf. likevel § 14-44 første ledd siste punktum.

§ 6-41 åttande ledd bokstav f andre punktum skal lyde:

Settes balansesummen til null, skal egenkapitalandelen settes til 100 prosent dersom *egenkapitalen* er større enn null.

§ 6-41 åttande ledd bokstav h fyrste punktum skal lyde:

Unntak etter a forutsetter at selskapets regnskap, omarbeiding etter c, justert regnskap etter d, konsolidert *balanseoppstilling* for den norske delen av konsernet etter e og konsernregnskapet etter b samt tilknyttet skattefastsettingsskjema er godkjent av revisor.

§ 14-42 andre ledd bokstav a siste punktum skal lyde:

Fradrag skal likevel ikke gjøres for tilskudd til investering og bedriftsutvikling i landbruket etter forskrift av 19. desember 2014 nr. 1816, innenfor det geografiske området som omfattes av § 3 i forskrift 14. desember 2021 nr. 3661 og distriktsrettet investeringsstøtte etter samme forskrift,

§ 14-44 fyrste ledd siste punktum skal lyde:

Tilskudd til investering og bedriftsutvikling i landbruket etter forskrift av 19. desember 2014 nr. 1816 innenfor det geografiske området som omfattes av § 3 i forskrift 14. desember 2021 nr. 3661 og distriktsrettet investeringsstøtte etter samme forskrift, regnes som en del av vederlaget ved realisasjon av driftsmidlet innen fem år etter at det ble ervervet.

III

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endring:

§ 6-41 åttande ledd bokstav h fyrste punktum skal lyde:

Unntak etter a forutsetter at selskapets regnskap, omarbeiding etter c, justert regnskap etter d, konsolidert *balanseoppstilling* for den norske delen av konsernet etter e og konsernregnskapet etter b samt *tilknyttede opplysninger i skattemeldingen* er godkjent av revisor. Den skattepliktige må kunne dokumentere at egenkapitalandelen beregnet etter d eller e svarer til eller er høyere enn egenkapitalandelen i konsernregnskapet.

IV

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2022.

Endringa under III tek til å gjelde 1. januar 2023, med verknad for leveringa av skattemeldinga for 2022.

Forslag

til lov om endring i skattebetalingsloven

I

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav vert det gjort følgjande endringar:

§ 5-15 fyrste og andre ledd skal lyde:

(1) Den som får pålegg etter §§ 5-13a, 5-13c eller 5-14, kan klage over pålegget dersom vedkommende mener at han ikke har plikt eller lovlig adgang til å etterkomme pålegget. *Klagen kan være muntlig.*

(2) *Klagefristen for pålegg etter § 5-14 er én uke. Klagefristen for pålegg etter §§ 5-13a og 5-13c er tre uker.*

§ 5-16 tredje og fjerde ledd skal lyde:

(3) Vedtak om tvangsmulkt *ilagt* selskap, samvirkeforetak, forening, innretning eller organisasjon *etter første ledd, rettes til den daglige lederen av virksomheten eller styrelederen dersom virksomheten ikke har daglig leder. Vedtak om tvangsmulkt etter annet ledd rettes til styret i selskapet, samvirkeforetaket, foreningen, innretningen eller organisasjonen, og sendes hvert medlem.*

(4) Vedtak om tvangsmulkt etter første og annet ledd kan påklages til Skattedirektoratet innen 6 uker.

II

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav vert det gjort følgjande endring:

§ 5-7 fyrste ledd bokstav b skal lyde:

b. livrente, pensjon, vartpenger, introduksjonsstønad og supplerende stønad til person *som har fylt 67 år for en måned før jul. Fritaket gjelder ikke beløp som først kan heves etter årets utgang.*

III

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringa under II tek til å gjelde 1. januar 2023.

Forslag til lov om endring i skatteforvaltningsloven

I

I lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning vert det gjort følgjande endringar:

§ 12-8 fyrste ledd bokstav b skal lyde:

b. som følge av uttalelse fra Stortingets *ombud* for *kontroll med* forvaltningen, i sak der den skattepliktige er part.

§ 13-9 andre ledd skal lyde:

(2) En klagenemnd kan uavhengig av fristene i kapittel 12, endre sin skattefastsetting som følge av en uttalelse fra Stortingets *ombud* for *kontroll med* forvaltningen i sak der den skattepliktige er part.

§ 15-4 andre ledd skal lyde:

(2) Søksmålsfristen avbrytes dersom det omtvistede spørsmålet klages inn for Stortingets *ombud* for *kontroll med* forvaltningen. Ny søksmålsfrist på seks måneder løper fra *ombudets* melding om avsluttet behandling er kommet fram til den skattepliktige, eller fra den skattepliktige blir varslet om myndighetenes svar på *ombudets* anmodning om fornyet behandling. Søksmålsfristen etter fyrste ledd avbrytes likevel ikke dersom klagen ikke fører til realitetsavgjørelse hos *ombudet* og dette skyldes forsettlig forhold fra den skattepliktiges side.

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endring i folkeregisterloven

I

I lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering vert det gjort følgjande endring:

§ 3-3 andre ledd skal lyde:

For personer som flytter til Norge og ikke tidligere har vært registrert i Folkeregisteret, registreres fødselsdatoen på grunnlag av vedkommendes pass eller tilsvarende legitimasjonsdokument.

For personer som trenger oppholdstillatelse, registreres fødselsdato på grunnlag av det som er registrert hos eller i vedtak av *utlendingsmyndighetene*. Dette gjelder ikke hvis antall tilgjengelige *individsiffer* for den aktuelle fødselsdato er svært lavt.

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endring i lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven

I

I lov 21. desember 2020 nr. 168 om endringer i merverdiavgiftsloven skal romartal II lyde:

Loven trer i kraft 1. januar 2021. Loven gjelder bare for alternativ behandling i form av akupunktur som omsettes eller formidles fra og med 1. januar 2022, og osteopati og naprapati som omsettes eller formidles fra og med 1. januar 2023. For osteopati og naprapati må det fra det tidspunktet osteopater og naprapater blir omfattet

av helsepersonelloven § 48 første ledd, søkes om autorisasjon innen to måneder. For andre enn den som søker om autorisasjon, gjelder loven fra to måneder etter det tidspunkt osteopater og naprapater omfattes av helsepersonelloven § 48 første ledd.

II

Lova tek til å gjelde straks.

Forslag

til lov om endring i tollavgiftsloven

I

I lov 11. mars 2022 nr. 8 om tollavgift vert det gjort følgjande endringar:

§ 11-3 første ledd bokstav b skal lyde:

- b. som følge av uttalelsen fra Stortingets ombud for *kontroll med* forvaltningen, i en sak der tollavgiftspliktig eller medansvarlig er part.

§ 12-8 andre ledd fyrste punktum skal lyde:

Søksmålsfristen avbrytes dersom det omtvistede spørsmålet klages inn for Stortingets ombud for *kontroll med* forvaltningen.

II

Lova tek til å gjelde straks.

B – Forslag til stortingsvedtak

Forslag

til vedtak om endring i stortingsvedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2022 (Stortingets skattevedtak)

I

I stortingsvedtak 14. desember 2021 nr. 3571 om skatt på inntekt og formue mv. for inntektsåret 2022 (Stortingets skattevedtak) vert det gjort følgjande endring:

§ 2-2 skal lyde:

§ 2-2 *Formuesskatt til staten – upersonlig skattyter*

Selskaper og innretninger som nevnt i skatte-
loven § 2-36 annet ledd, og som ikke er fritatt for

formuesskatteplikt etter skatteoven kapittel 2, svarer formuesskatt til staten med 0,25 pst. Formue under 10 000 kroner er skattefri.

II

Vedtaket tek til å gjelde frå 1. januar 2022.

Forslag

til vedtak om endring i stortingsvedtak om avgifter på motorvogner mv.

I

I stortingsvedtak 14. desember 2021 nr. 3577 om avgifter på motorvogner mv. A. Engangsavgift vert det gjort følgjande endringar:

§ 2 første ledd ny bokstav k skal lyde:

k. For personbiler som ved første gangs registrering blir registrert på innehaver av løyve etter yrkestransportlova § 9, og som er tilpasset for og skal benyttes til transport av rullestolbrukere (avgiftsgruppe k), betales avgift av:

- 1) egenvekt, 40 pst. av avgiftsgruppe a
- 2) NO_x-utslipp, 100 pst. av avgiftsgruppe a
- 3) CO₂-utslipp, for motorvogn med plikt til å dokumentere CO₂-utslipp

per g/km	kr
0–87	0
88–118	1 095,40
over 118	1 227,52

For motorvogner med CO₂-utslipp under 87 g/km gjøres følgende fradrag per g/km for den delen av utslippet som ligger under disse verdiene:

per g/km	kr
f.o.m. 86 t.o.m. 50	831,37
under 50	978,12

- 4) slagvolum, for motorvogner uten plikt til å dokumentere CO₂-utslipp, 100 pst. Av avgiftsgruppe a

§ 3 skal lyde:

Det skal betales vrakpantavgift for følgende kjøretøy og med følgende beløp:

	per enhet (kr)
Motorvogner i avgiftsgruppe a, b, c, g, j og k	2 400
Motorvogner i avgiftsgruppe f og mopeder	500
Campingvogner	3 000
Lastebiler som ikke er avgifts- pliktig i avgiftsgruppe b	5 000

II

Vedtaket tek til å gjelde frå 1. juli 2022.

Forslag

til vedtak om endring i stortingsvedtak om toll for 2022

I

I stortingsvedtak 14. desember 2021 nr. 3578 om toll for 2022 vert det gjort følgjande endring:

Ny § 6 skal lyde:

§ 6 *Tolltiltak i krigstid eller ved annen internasjonal krisesituasjon*

Kongen i statsråd kan iverksette tolltiltak overfor ett eller flere land dersom vilkårene i sikker-

hetsunntaksbestemmelsen i Generalavtalen om tolltariffer og handel 1994 (GATT 1994) artikkel XXI er oppfylt.

II

Vedtaket tek til å gjelde frå 1. juli 2022.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til
departementa – 05/2022

